

Vedlegg

Innspel frå kommunane til Økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram (Handlingsprogram Regional transportplan – Investeringar)

Om vedlegget

Nedanfor er gitt eit resymé av økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram (innspelsdokumentet) som vart sendt til innspel til kommunane, og lagt ut fylkeskommunen sine heimesider. Vidare er det gitt eit kortfatta samandrag av innspela frå kommunane med fylkesdirektøren sine kommentarar. Alle innspela frå kommunane er samla i ein tabell bak med korte merknader frå fylkesdirektøren.

Informasjon om økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram vart lagt ut på fylkeskommunen si heimeside, med informasjon om at andre også kunne gje innspel til dokumentet. Då berre kommunane vart formelt sett bedne om å gje innspel, har fylkesdirektøren ikkje kommentert øvrige innspel.

Økonomiske utfordringar

Framlegg i innspelsdokument

Ei av dei største utfordringane for fylkesvegane i Vestland er tilstanden på det eksisterande fylkesvegnettet. I regional transportplan er ein sentral strategi å dreie innsatsen og ressursbruken over til utbetring, vedlikehald og fornying av den vegkapitalen som allereie finst i fylket. Det er vist til at fylkeskommunen har eit stort og aukande forfall på fylkesvegnettet. Vidare er kostnadsauken på driftskontraktar høgare enn den generelle prisstigninga og kommunal deflator, som regulerer inntektene til fylkesveg for inntektssystemet for fylkeskommunane.

Generelt vedlikehaldsetterslep, framkometiltak og nødvendige tilpassingar i samband med universell utforming mm. gir løpande behov for investeringar på dette området. Det er behov for store investeringar både for bruer og kaiar, og det grøne skiftet fører til store endringar i tilbodet og behov innan kollektivtrafikk og ferje i åra frametter. Også kostnadsutviklinga innan drift av kollektivtrafikken har vore høgare enn kommunal deflator, samstundes som det har vore ein passasjerneredgang grunna koronapandemien. Vidare vil nullvekstmålet i byvekstavtalen også føre til behov for kapasitetsutviding innan kollektivtrafikken.

Innspel

Det er få kommentarar til denne delen av dokumentet.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Fylkesdirektøren legg opp til at dokumentet endrar namn til Handlingsprogram Regional transportplan – Investeringar, og at den delen som går på økonomisk handlingsprogram går ut. I seinare rulleringar vil denne delen vere ein del av handlingsprogrammet.

Mobilitet og kollektivtransport

Framlegg i innspelsdokument

På kollektivsida så står det framleis att ein del utgreiingar som må på plass før det kan prioriterast mellom ulike infrastrukturtiltak, til dømes nye/oppgradering av terminalar.

Drift av kollektivtransport er ikkje eit tema i investeringsprogrammet. Kommunane vert invitert til dialogmøte når det er aktuelt med ruteendringar, og kan kome med sine innspel der.

Per no vert det jobba med utgreiingar om tilbodsstandard, terminalstruktur, fleksibel kollektivtransport, billettprisar og digitaliseringsprosjekt.

Innspel

Innspela frå kommunane går i stor grad på bygging/oppgradering av terminalar, venterom, forslag til endringar i driftsopplegget, harmonisering mellom båt- og bussbillettar eller nullutsleppsløysingar.

Bergen kommune åtvarar også mot tiltak som ikkje er i tråd med nullvekstmålet.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Det vert jobba aktivt med utgreiingar knytt til fleire av innspela, og ein må difor kome tilbake med tydlegare svar på ein del av innspela.

Drift av kollektivtransport er ikkje ein del av handlingsprogram RTP – Investeringar, og kommunane vert invitert gjennom andre fora til å kome med innspel til ruteendringar.

Ved rullering av handlingsprogrammet vil infrastruktur for kollektivtransport vere meir konkret omtala, og vi tek med oss innspela som er komne inn i det arbeidet.

Bru

Framlegg i innspelsdokument

Det er gjort ein gjennomgang av behovet for større vedlikehaldstiltak innan bru. Tilstanden på mange av bruene i fylket er kritisk med tanke på å sikre framkome og bereevne. Prioriteringane er gjort etter skadeprioritet på brua, fare for brot i veglenkjer og årssdøgntrafikk. Det er vurdert at det er behov for å avsetje om lag 360 mill. kr dei komande 4 åra, og 650 mill. kr i resten av planperioden. Dette for å sikre dagens bruer, og bygging av ny Alverstraumen bru i Alver og ny Risnes bru i Masfjorden. Investeringsprogrammet har ei liste med prioriterte store bruprosjekt.

Innspel

Det er kome innspel frå kommunar om betydninga av bruer som er nemnde i innspelsdokumentet som Nye Alverstraumen bru, Risnes bru, Øye bru i Lærdal, samt oppgradering av bruer i Gulen. Det er kome innspel om å tilretteleggje for gåande og syklende ved bruer i Luster, Kvinnherad og Årdal. Det er også innspel om bruer frå Austevoll, Kinn, Kvam, Vaksdal og Øygarden kommunar.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Fylkesdirektøren tek sikte på å gjennomføre bruvedlikehald som nemnt i innspelsdokumentet, og rår til å prioritere ny Alverstraumen bru og ny Risnes bru. Prioritering av bruer vert føreslått å basere seg på behov for kritisk vedlikehald, og tiltak for gåande og syklende på den enkelte brua vert vurdert når det skal gjennomførast større tiltak på bruer.

Kai og ferjekai

Framlegg i innspelsdokument

Prioritering av tiltak på ferjekaiar er basert på fare for at kaien (og dermed sambandet) vert stengt. I det faglege grunnlaget er det 15 prioriterte ferjekaiar som åleine treng utbetringar på 114 mill. kr i perioden 2022 – 2028. Til oppgradering av landareal på dei mest kritiske stadane syner rapporten at det er behov for 65 mill. kr i perioden 2022 – 2028. Hurtigbåtrutene i Vestland trafikkerer om lag 150 kaiar. Foreløpig gjennomgang av hurtigbåtkaiane indikerer eit samla behov for utbetring på minst 40 mill. kr.

Behov for ombygging av ferjekaiar og hurtigbåtkaiar som følgje av nye anbod er ikkje teke med.

Innspel

- Askøy: Beredskapskai

- Bjørnafjorden: utbetring av ferjekaiar på Hatvik og Venjaneset
- Etne: Tiltak på Skånevik, ev flytte ferjekai
- Kvinnherad: Flytte kai til Skjelnesodden på Varaldsøy
- Solund: flytte kai frå Krakhella til Hardbakke

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Prioriteringa må i denne omgang vera tiltak for å unngå stenging av kaiane, og strengt nødvendig vedlikehald. Mogleg flytting av kai frå Krakhella til Hardbakke er omtala som mogleg tiltak.

Tunnel

Framlegg i innspelsdokument

I investeringsprogrammet vert det skilt mellom to kategoriar behov knytt til tunnel:

- tunnelane som inngår i oppgraderingsprosjektet for tunneltryggleiksforskrifta for fylkesvegar
- tunnelar som ikkje er omfatta av forskrifta.

Tunnelar som er omfatta av tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg har ein frist 31.12.2030 for ferdigstilling. Med dei midlane som staten overfører til fylkeskommunen for kompensasjon for tunneltryggleiksforskrifta på fylkesveg, vil ein ikkje kunne nå denne fristen. Det er i tillegg behov for å gjere ytterlegare tiltak i tunnelane ut over dei forskriftsfesta krava. Det vart i fagleg grunnlag «Oppgradering etter tunnelforskrifta» utarbeidd eit forslag til prioriteringsliste, sjå [LENKJE](#).

Det er 205 tunnelar som ikkje er omfatta av tunneltryggleiksforskrifta for fylkesvegar, ein del av desse har også behov for oppgradering, spesielt auka høgde. Kartleggingsarbeid av dette vert starta opp.

Innspel

Det er innspel på behov for strossing i tillegg til tiltak etter tunneltryggleiksforskrifta på fv. 53 i Årdal kommune. Vidare er det fleire innspel på tunnelar med behov for tiltak på tunnelar som ikkje er omfatta av tunneltryggleiksforskrifta. Det er også innspel om tunnelar som bør bli omfatta av forskrifta på fv. 569 i Vaksdal kommune, behov for nye tunnelar for erstatning av gamle på fv. 60 i Stryn kommune, og utbetring av tunnelar i Høyanger og Solund kommunar.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Fylkesdirektøren har starta opp kartlegging av tunnelar som ikkje er omfatta av tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg og behov for oppgradering av desse.

Fylkesdirektøren meiner det er behov for å vurdere rekkjefølgja for prosjekt nærare. Det er særleg behov for å vurdere konsekvensar for trafikkavvikling og kostnader for prosjekt i Bergensområdet. Gjennomføring må også koordinerast med tunneltiltak på riksvegnettet i Bergen.

På grunn av stor kostnadsauke på Tirsåstunnelen på Osterøy er det behov for å vurdere prosjektet på nytt.

Fylkesdirektøren tek sikte på å kome tilbake med sak om prioritering av tunnelprosjekt fram mot fylkestinget i oktober.

Skredsikring

Framlegg i innspelsdokument

Det er føreslått 7 større skredsikringstiltak i perioden. Vidare er føreslått å bruke om lag 400 mill kr. i økonomiplanperioden til mindre skredsikringstiltak.

Stortinget har gjennom vedtak i Nasjonal transportplan 2022-2033 bedt om at regjeringa saman med fylkeskommunane utarbeider ein nasjonal gjennomføringsplan for alle skredpunkt på riksvegar og fylkesvegar med høg og middels skredfaktor. Det er grunn til å tru at ein slik strategi

vil vere eit grunnlag til neste rullering av Nasjonal transportplan for perioden 2026-2037. Statens vegvesen vil som grunnlag til ny Nasjonal transportplan også utarbeidd ei ny og oppdatert skredsikringsliste. Det vert tilrådd å avvente prioriteringsrekkefølge for skredsikringsprosjekt ut over dei føreslåtte tiltaka til ny liste og nasjonal gjennomføringsplan ligg føre.

Innspel

Kommunane har ulike prioriteringar for skredsikringsprosjekt.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Innspela viser eit stort behov for skredsikring i fylket. Stortinget gjorde i samband med vedtak av Nasjonal transportplan 2022-2033 vedtak om at det skal utarbeidast ein nasjonal rassikringsstrategi. Hurdalsplattforma seier at regjeringa vil ta initiativ til at dei, saman med fylkeskommunane, utarbeider ein nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riks- og fylkesveggar med høg og middels skredfaktor.

Fylkesdirektøren har lagt til grunn at dei 7 store prosjekta som er føreslått i investeringsprogrammet, vert prioritert i denne omgang. Ein må kome attende til vidare prioritering av prosjekt i samband med den varsla gjennomføringsplanen for skredsikring. Mindre rassikringstiltak vert vurdert i det årlege budsjettarbeidet.

Mjuke trafikantar

Framlegg i innspelsdokument

Det er gjort ei omfattande vurdering av moglege gang- og sykkelvegprosjekt. I RTP er det prioritert å styrkje tilbodet til mjuke trafikantar, særleg knytt til å sikre barn og unge. Det kan t.d. bli fremja ei målsetting om å setje i gang to større gang- og sykkeltiltak utanom Miljøløftet årleg. Det er i tillegg behov for å avsetje ei samleløyving til mindre tiltak.

Det er sett opp ei liste over moglege prosjekt som kan gjennomførast. Rammene vil neppe vere store nok til at alle desse prosjekta vert realiserte.

Det går ein prosess med rullering av handlingsprogrammet til Miljøløftet som går parallelt med investeringsprogrammet til Regional transportplan i fylkestinget i juni 2022. Kommande handlingsprogram til Miljøløftet vil kunne finansiere gang- og sykkelprosjekt i omegnskommunane til Bergen. Ved rulleringar av handlingsprogrammet i Miljøløftet vert det utarbeidd prosjektark for tilbod til mjuke trafikantar. Prioriterte gang- og sykkelprosjekt i omegnskommunane som bidreg til nullvekstmålet, vert vurdert innarbeida i den endelege versjonen av investeringsprogrammet for Regional transportplan.

Innspel

Kommunane er positive til dei prosjekta som er nemnde i innspelsdokumentet. Det einaste unnataket er Samnanger som ønskjer å prioritere gang- og sykkelveg mellom Bjørkheim - Bjelkarvika i staden for Tysse – Haga, og Sogndal kommune prioriterer løysing for mjuke trafikantar på fv 5609 Njøsavegen føre fv 424 Haukåsvegen. I tillegg til dette, har dei aller fleste av kommunane meldt inn behov for gang- og sykkelvegsløysingar, særleg i tilknytning til skuleveg. Alver kommune meiner Vestland fylkeskommune må bidra økonomisk til realisering av Miljøløftet-prosjekt på fylkesvegane i kommunen.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Innspelsrunden viser eit stort behov for gang- og sykkeløysingar i fylket. Med dei rammene som er tilgjengeleg, vil det i avgrensa grad vere mogleg å møte dette store behovet. Fylkesrådmannen rår til å oppretthalde intensjonen om å starte opp to større gang- og sykkelprosjekt i fylket årleg. Vidare at det årleg vert avsett midlar til mindre gang- og sykkeltiltak.

Fylkesdirektøren har utarbeidd framlegg til prioriterte store prosjekt frametter. Mindre prosjekt (må vurderast gjennom dei årlege rulleringane av handlingsprogrammet).

Strekningsvise prosjekt på overordna vegnett

Framlegg i innspelsdokument

I tråd med regional transportplan vert det føreslått å særleg prioritere regionale hovudvegar. Det er under utarbeiding strekningsvise utgreiingar for ein del vegnettet i funksjonsklasse B, og det blir føreslått å setje av ei eiga løyving til strekningsvise utbetringar av desse vegane. Målet er å utvikle ein tilfredsstillande standard. Utgreiingane skildrar nærare behova og prioriteringar på strekningane. På sikt vert det føreslått at det bør avsetjast 200 mill. kr årleg til strekningsvise tiltak på prioriterte vegar.

Innspelsdokumentet viser dei aktuelle vegane, men ikkje prioritert rekkjefølgje for utbetring.

Innspel

Dei aktuelle kommunane støtter prioriteringane til strekningsvise prosjekt på det overordna vegnettet. Sunnfjord kommune meiner det bør avsetjast minst 500 mill. kr årleg til dette. Kommunane har konkrete tilbakemeldingar om prioritering av delstrekningar. Eit par kommunar ønskjer strekningsvise tiltak også på andre vegar (t.d. Tysnes og Osterøy).

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Fylkesdirektøren vurderer at prioriteringane som kommunane har gjort av delstrekningar, i det alt vesentlege er samanfallande med prioriteringane i Strekningsvise utgreiingar. Fylkesdirektøren ønskjer å gå i vidare dialog med kommunane om tiltak.

Fylkesdirektøren meiner at midlane til strekningsvise prosjekt bør prioriterast inn mot regionale hovudvegar som bind Vestland saman, og meiner at midlane til denne ordninga bør øyremerkast dei nemnde vegane.

Det vert arbeidd vidare med rekkjefølgje for tiltak på dei ulike strekningane.

Utgreiinga *Meir veg for pengane* peikar på at det kan vere mykje å hente ved å gjere fleire tiltak samstundes langsetter ei strekning. Metodikken som er brukt for dei utvalde vegane i Strekningsvise utgreiingar er aktuelle for andre vegar. Men for å kunne prioritere dei regionale hovudvegane, meiner fylkesrådmannen at strekningsvise utbetringar på andre vegar enn dei regionale hovudvegane, må finansierast gjennom andre ordningar i investeringsprogrammet.

Veganlegg/store prosjekt

Framlegg i innspelsdokument

Med dei føringane som er sett i RTP og dei økonomiske rammene som fylkeskommunen har til rådvelde, vil det vere avgrensa med moglegheit for større vegprosjekt. Det blir føreslått å særleg prioritere prosjekt med store behov, og der tiltak er under planlegging. Det er for vegprosjekt ikkje føreslått ei tidsrekjefølgje for oppstart av prosjekta. Innspel frå kommunane samt vidare utgreiingsarbeid skal fastsetje dette. Det må vurderast moglegheit for bompengefinansiering av prosjekt for å kunne finansiere denne porteføljen.

Det er sett opp ei liste med aktuelle prosjekt. Dei økonomiske rammene til fylkeskommunen vil neppe vere store nok til å finansiere alle tiltaka.

Det er nokre framlegg til omklassifisering til riksveg.

Innspel

Det er gjennomgåande støtte i dei aktuelle kommunane til dei prosjekta som vart føreslått i innspelsdokumentet. Det er i tillegg framlegg om ei rekkje andre prosjekt, både store prosjekt og mindre tiltak.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Fylkesdirektøren har utarbeidd framlegg til prioriterte store prosjekt frametter. Mindre prosjekt (hovudsakleg prosjekt under 50 mill kr.) må vurderast gjennom dei årlege rulleringane av handlingsprogrammet.

Fylkesdirektøren vil kome tilbake med sak om omklassifisering av vegar til riksvegar, med fokus på fv. 561 Kolltveit – Ågotnes ved flytting av godshamn frå Bergen, samt Kystvegen.

Det er utarbeidd framlegg til prioriteringslister både for neste økonomiplanperiode og frametter.

Vegnettet i Bergen

Framlegg i innspelsdokument

Handlingsprogrammet for Miljøløftet har ein eigen prosess for rullering, porteføljestyling og oppdatering. Midlane i byvekstavtalen skal gå til tiltak som bidreg til nullvekstmålet. Det har vore eit prinsipp at Miljøløftet skal finansiere tiltak innan samferdsel i Bergen. Samstundes er det store behov på fylkesvegane i Bergen som ikkje bidreg i same grad til nullvekstmålet, og som dermed ikkje utan vidare kan finansierast gjennom Miljøløftet. Fylkeskommunen må her gå i dialog med Bergen kommune om korleis dette skal løysast. Det bør vurderast å bruke midlar utanom Miljøløftet til tiltak i Bergen som ikkje bidreg til måloppnåing i byvekstavtalen.

Det er vist til 5 vegprosjekt der det er vurdert å vere særleg store behov.

Innspel

Bergen kommune er glad for at det vert sett fokus på dei nemnde prosjekta, og støttar bruk av midlar utanom Miljøløftet til fleire fylkesvegstrekingar som har behov for naudsynte oppgraderingar i Bergen. Kommunen har ei forventning om at fylkeskommunen tek ansvar for fylkesvegnettet, og forventar at staten set fylkeskommunen i stand til å ivareta sine forpliktingar. Kommunen ønskjer vidare dialog og samarbeid.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Fylkesdirektøren vil ha vidare dialog med kommunen om løysing for vegprosjekt som ikkje bidreg til måloppnåing i byvekstavtalen.

2.11 Framlegg om nye rammeløyvingar (veglys og rekkverk)

Framlegg i innspelsdokument

Under samleløyvinga til trafikktryggleik/mindre utbetringar vert i tillegg følgjande vurdert:

- Ei eiga løyving til rekkverk.
- Ei eiga løyving til veglys.
- Ordning knytt til spleiselag for infrastruktur på fylkesveg, t.d. å etablere gang- og sykkeltiltak i samband med utbygging av VA-anlegg.

Innspel

Det er generelt sett støtte til å etablere nemnte ordningar. Det er mange innspel frå ulike kommunar om konkrete innspel om samarbeidsprosjekt med spleiselag med kommunen. Dei fleste er knytt til samarbeid om VA-anlegg, men det er også innspel om prosjekt med samarbeid også med næringsaktørar.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Fylkesdirektøren legg opp til at rekkverkstiltak og veglys blir handsama som del av ordninga med Trafikktryggleik/Mindre tiltak som tidlegare.

Det er kome inn mange framlegg til spleiselagstiltak med kommunane. Dette er både store og mindre tiltak. Gjennom innspela har fylkeskommunen eit godt verktøy for å arbeide vidare med konkrete prosjekt.

For store tiltak må det leggjast opp til at dei må behandlast som del av ordinær budsjettprosess med kommunane.

Fylkesdirektøren legg opp til å setje av ei ramme til om lag 25 mill.kr. årleg til samarbeidstiltak for mindre prosjekt med kommunane.

Fylkesdirektøren legg opp til å kome attende med retningsliner for prosjekt for samfinansiering til fylkestinget i september.

2.12 Ferjeavløysingsprosjekt

Framlegg i innspelsdokument

I handlingsprogrammet til Regional transportplan 2022-2033 er det lagt inn eit utviklingstiltak for ferjeavløysingsprosjekt der det går fram at det blir arbeida vidare med ferjeavløysingsprosjekt.

Innspel

Det er kome innspel frå aktuelle kommunar for følgjande ferjeavløysingsprosjekt:

- Atløysambandet i Askvoll kommune
- Fjelbergsambandet i Kvinnherad kommune
- Sambandet Hjeltestad-Bjelkarøy (samband mellom Øygarden og Bergen)
- Sunnfast (samband mellom Kvinnherad og Tysnes via Huglo)
- Brukryssing av Nordfjorden Tongane til Biskjelsneset (Bremanger og Kinn kommunar)

Fylkesdirektøren sine kommentarar

I handlingsprogrammet for Regional transportplan er det eit utviklingstiltak knytt til Ferjeavløysing. Fylkesdirektøren ønskjer å kome attende til dette seinare.

Det vert fremja ei eiga sak om søknad om ferjeavløysingsmidlar for Atløysambandet parallelt med denne saka fram mot fylkestinget i juni 2022.

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Alver kommune	Alver kommune har følgjande prioriteringar til RTP-2022 - 2033 i prioritert rekkefølge: Prioritet 1 Nye Alverstraumen bru – finansiering og bygging	Bru	Nye Alverstraumen bru er prioritert
Alver kommune	Pri.2: Gang- og sykkelveg på Fv57 strekninga Skodvin – Mongstad – finansiering og bygging	Gang og sykkel	Fv 57 er eit av prosjekta prioritert i strekningsvise prosjekt, prosjektet må truleg nedskaleras.
Alver kommune	Pri 3: Vestland fylkeskommune må bidra økonomisk til realisering av Miljøløftet-prosjekt på fylkesvegane i Alver.	Fylkesveg	Vert vurdert i nye byvekstforhandlingar
Alver kommune	Fylkeskommunen må arbeide for ei omklassifisering av Fv 57, Knarvik-Mongstad, frå fylkesveg til riksveg, utan at etableringa av G/S-veg på strekninga Skodvin-Mongstad stoppar opp.	Nasjonalt, fylkesveg	Tatt til orientering. Eigen prosess for vurdering av omklassifisering
Alver kommune	Fylkeskommunen og Alver kommune må etablere eit tettare samarbeid for gjennomføring av større og mindre anleggsprosjekt, for å sikre mest mogeleg effektiv bruk av midlane.	Fylkesveg	VLFK er positiv til samarbeid om prosjekt
Alver kommune	Alver kommune har fått kr 5 mill frå staten for planarbeidet med Sambandet Vest. Alver kommune meiner det er viktig å arbeide vidare med plan-arbeidet, og ber om at Vestland Fylkeskommune støttar opp under arbeidet.	Fylkesveg	Ikkje føreslått prioritert
Alver kommune	Alver kommune ønsker å ha ein dialog med Vestland Fylkeskommune om det totale bompengertrykket for innbyggjarane i Nordhordland.	Fylkesveg	Det samla bompengertrykket inngår i vurderinga av nye bompengerprosjekt
Askvoll kommune	Askvoll kommune forventar at både Atløysambandet og rassikring av fv 609 blir utført tidleg i perioden.	Fylkesveg, Skredsikring	Fv 609 Heilevang er prioritert. Fylkestinget får framlagt sak om Atløysambandet i juni.
Askvoll kommune	Askvoll kommune støttar opp om parsellvis utbygging av fv 57 også med bruk av bompengar som delfinansiering. Vi ser at det vil vere aktuelt å etablere Fv 57 frå Dale inn mot Bygstad som eit konkret samarbeidsprosjekt basert på eit spleiselag (bompengar).Vi foreslår vidare at det vert sett av 50 millionar kroner til strekningsvise strakstiltak (punktutbetringar) mellom Bygstad og Storehaug. Så vil ein kunne ta resten av utbetringane som gjeld Storehaug – Perhaugen og Båtevik – Storehaug i siste periode, slik det er føreslått i handlingsprogrammet.	Fylkesveg	Prosjekta på fv 57 er prioriterte i handlingsprogrammet
Askvoll kommune	Askvoll kommune meiner at fylket må ha ei ordning med 200 millionar til mindre prosjekt/utbedringar, men er opptekne av at ein har ordningar som gjer at fleire vegar kan komme inne på desse listene.	Mindre utbetringar	I framlegget kan ordninga til Mindre utbetringar gå til alle vegkategoriar
Askvoll kommune	Mjuke trafikantar må prioriterast opp: Gang- og sykkelveg i Holmedal frå skulen og i retning mot Boge. Vidare er det trong for gangveg mellom Straumen og Askvoll Skule langs fylkesveg 608. I tillegg gjeld det gang- og sykkelveg området rundt Gjelsvik skule på fylkesveg 609, som handlar om tilkomst til skule og barnehage. På fylkesveg 609 er det eit ønskje om å forlenge gang- og sykkelveg frå Stongfjorden til Stafsnes på fv 609. I Bulandet er det trong for sikrere løysningar for mjuke trafikantar rundt skulen.	Gang og sykkel	Tatt til orientering. G/s veg ved Holmedal er nemnt som mogleg tiltak, dei andre er ikkje prioritert i utkastet. Mindre tiltak kan vurderast i årlege handlingsplanar.
Askøy kommune	Fv. 562 - nytt kryss på Juvikflaten	Fylkesveg	Kan vurderast gjennom ordninga Mindre utbetringar
Askøy kommune	Fv. 5264 - De første 400m av Nordre Hauglandsveg	Gang og sykkel	Vurderast i Miljøløftet

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Askøy kommune	Fv. 5246 - vegen gjennom Hetlevik	Gang og sykkel	Er omtala som aktuell
Askøy kommune	Fv. 563 - Askebakken	Gang og sykkel	Er omtala som aktuell
Askøy kommune	Fv. 5256 - gang og sykkelveg, Munkebotn (Erdal ung.skole til Storebotn)	Gang og sykkel	Er omtala som aktuell
Askøy kommune	Fv. 5262 – Davangervegen, skoleveg.	Gang og sykkel	Vurderast i Miljøløftet
Askøy kommune	Fv. 5256 - Punktutbedring ved kryssing av fylkesvegen ved Pollelva for myke trafikantar	Fylkesveg	Vurderast i Miljøløftet
Askøy kommune	Fv. 526 – Utbedring av skoleveg fra kryss til Hanøytangen mot Hanøy skole	Gang og sykkel	Er omtala som aktuell
Askøy kommune	Diverse strekninger - Spleiselag ved asfaltering av grøfter for VA-ledninger langs fylkesveg som vil gi tilbud til myke trafikantar	Spm 3	Fylkesdirektøren føreslår ordning for slike prosjekt
Askøy kommune	Beredskapskai vedrørende beredskapen ved stengt bro. ROS-analyse pågår.	Kai	Tatt til orientering.
Askøy kommune	Vestland fylkeskommune må arbeide opp mot sentrale myndigheter for å øke bevilgningene til samferdsel i Vestland fylke	Nasjonalt	Tatt til orientering. VLFK arbeider med å få auka løyvingane til fylkesveg
Askøy kommune	Askøy kommune vil igjen spille inn at regionen skal jobbe for at dagens fylkesveger mellom regionsentrene klassifiseres som riksveger. For Askøy gjelder dette særleg strekningen Kleppestø – Storavatnet og Kleppestø – Strandkaien (RV på sjø).	Nasjonalt	Framlegget er ikkje i tråd med dagens retningsliner for klassifisering av riksvegar
Askøy kommune	Askøy kommune anerkjenner at Askøybroen og bro over Herdlesundet har behov for vedlikehold. Slik tiltakene beskrives i utkast til innspillsrunden mener Askøy kommune at dette fremstår som vedlikeholdstiltak og ikkje investeringstiltak.	Fylkesveg	Føreslått prioritert i utkastet
Askøy kommune	Askøy kommune starter opp arbeidet med en Mobilitetsstrategi for å bidra til en helhetlig mobilitetsløsning for alle trafikantar på Askøy, hvor også arbeidsreiser inn og ut av kommunen belyses. En vesentlig del av strategien er innfor Vestland Fylkeskommune sitt ansvarsområde og Askøy kommune ber om at der settes av midler som kan bidra til utredningsarbeid innfor: Fylkesveg. Mobilitet og kollektivtransport. Miljøløftet. Innovasjon og teknologi	Fylkesveg, kollektiv mm	Det er inga løyving til utredningsarbeid
Askøy kommune	Kommunedelplan Sambandet Vest – Forslag til planprogram er utarbeidet og har vært på høring. Merknadene fra sentrale offentlige etater innebærer at vegprosjektet må endres. Det er behov for midler til vidare arbeid med kommunedelplanen.	Fylkesveg	Ikkje prioritert å arbeide vidare med prosjektet
Austrheim kommune	Austrheim kommune ber om at vedlikehald av fylkesvegane vert prioritert i planperioden. Det er spesielt viktig å prioritera dekkelegging og oppgradering av autovern. Ordninga med punktutbetringar på fylkesvegane har vore ein stor suksess og må vidareførast. Austrheim kommune har etter kvart fått svært stor gjennomgangstrafikk. Denne er knytt til den store næringsaktiviteten i Mongstad-området og dei to ferjesambanda som ligg i kommunen. Me ber om at tiltak for å redusera risikoen med den store gjennomgangstrafikken i kommunen vert prioritert i samband med det økonomiske handlingsprogrammet og investeringsprogrammet i perioden.	Spm 3, fylkesveg	Tatt til orientering.

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Austrheim kommune	Krysset mellom Fv. 565 og Fv. 57 ved avkøyringa til Leirvåg ferjekai, er ei stor utfordring kvar time når ferja kjem til Leirvågen. Her har det vore mange trafikkulukker og nesten ulukker. Det bør snarast byggjast ei rundkøyring i krysset. Her kan me få til eit spleiselag mellom eigaren av næringsarealet i krysset, Austrheim kommune og Vestland fylkeskommune	Fylkesveg	Fv 57 er ein av strekningane som er føreslått for strekningsvise prosjekt. Tiltak knytt til kryss er særleg prioritert. Samfinansiering kan vere aktuell.
Austrheim kommune	Fartsgrensa mellom rundkøyringa på Mongstad og ei ny rundkøyring i Leirvågskrysset må reduserast frå 80 km/t til 60 km/t.	Fylkesveg	SVV er skiltmynde. Ikkje relevant for HP RTP Investeringar
Austrheim kommune	Fv. 568, Sævrøyvegen - siktutbetring	Fylkesveg	Kan vurderast gjennom ordninga Mindre utbetringar
Austrheim kommune	Me ber om at det vert sett i verk tiltak for å betra mobildekninga på Sævrøy ferjekai.	Regional	Operatørane sitt ansvar
Austrheim kommune	Fv 565: Austrheim kommune ber om at det vert løyvd midlar til å byggja den planlagde busshaldeplassen ved Mastrevik vegkryss	Kollektiv	Kan vurderast gjennom ordninga til Kollektivtiltak
Austrheim kommune	Fv 565: Ber om at arbeid vert starta opp for å få bygd den regulerte gang- og sykkelvegen frå Mastrevik mot Kilstraumen. Den planlagte gang- og sykkelvegen frå Mastrevik-Kilstraumen er på om lag 2,3 km	Gang og sykkel	Ikkje prioritert
Austrheim kommune	Krysset mellom Fv. 565 og Fv. 5500, Bakkavegen: Det må utførast trafikkisikringstiltak i krysset og på busshaldeplassane. Eit straktiltak som må gjennomførast er å senka farten i krysset frå 80 km/t til 60 km/t.	Trafikkisikring	Kan vurderast gjennom årlege løyvingar til Mindre utbetringar
Austrheim kommune	Liknande utfordringar har me ved busstoppa ved Bakkastraumen på Fv. 565. Dei som bur i dei nye byggjefelta ved Vardetangen, må bruka desse busstoppa, men for å koma til busstoppa må dei gå langs Fv. 565 i ein svært uoversiktleg sving med høg trafikk. Busstoppa må leggjast om, og det må leggjast betre til rette for gåande og syklande i området	Kollektiv, trafikkisikring	Kan vurderast gjennom ordninga til Kollektivtiltak
Austrheim kommune	I samband med vassutbygginga i Austrheim kommune i 2021 har kommunen lagt vatn fram til snøggbåtkaien og bygd klart til eit avlaupsanlegg. Me vonar no at Vestland fylkeskommune, Austrheim kommunen og Bergen Hamn AS saman kan byggja eit moderne venterom med eit tilfredsstillande sanitæranlegg	Kollektiv, spm 3	Tatt til orientering
Austrheim kommune	Gang- og sykkelveg langs Fv. 565 frå Litlelindås til Austrheim kyrkje. Veglys på denne strekninga vert prioritert som eit viktig kompensierende trafikkisikringstiltak. Me ber og om at Vestland fylkeskommune kan setja av planmidlar til ein detaljregulering av vegtraseen med g/s frå Litlelindås til Austrheim kyrkje.	Trafikkisikring, planmidlar	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Austevoll kommune	Fylkesveg: Austevollpakken med 45 mill. kr i 2022	Fylkesveg	

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Austevoll kommune	Austevoll kommune viser til drøftingsmøte om ramme for Austevollpakken 23. mars. I møtet freista kommunen å kome med framlegg til auka finansiering for å sikre gjennomføring av dei viktigaste vegprosjekta som det er alvorleg trong for utbetring. Endringa frå forslag til investeringsprogrammet er at den fylkeskommunale løyvinga ikkje blir avkorta med andre tilskotsordningar, bompengar etter Austevllsbrua og at mva.refusjonen blir tilført prosjektet. Vidare legg forslaget at kommunen yter det same som summen av fylkeskommunale og andre bidrag. Slik fastheld ein ei fordeling mellom fylkeskommune og kommune på 70 millionar kroner, og der kommunens andel aukar ytterlegare med andre tilskot.	Fylkesveg	Det er dialog med Austevoll kommune om pakken. Ikkje føreslått meir midlar i pakken.
Austevoll kommune	Langsiktige prioriteringslister: Overflatebehandling av Spissøybrua, Navøybrua og Nautøybrua.	Bru	Føreslått prioritert i utkastet
Austevoll kommune	Kai og ferjekai: Ny og breiare ferjekaibru i Husavik.	Kai	Føreslått prioritert i utkastet
Austevoll kommune	Kommunen meiner også at utbetring av veg frå Selbjørnsbrua til Fagerbakke som er prioritert i Austevollpakken, og som i hovudsak består av å etablere gang- og sykkelveg langs eksisterande fylkesveg, skulle kunne sortere under programmet for mjuke trafikantar.	Gang og sykkel	Ikkje prioritert i utkastet
Bergen kommune	Ettersom tiltakene i handlingsprogrammet i Miljøløftet vil bli fremmet som egen sak, vil de ikke bli vidare omtalt i vårt innspill.	Generelt	Tatt til orientering
Bergen kommune	Det er stort etterslep på både vedlikehold og utbedring av fylkesveiene i Bergen. Vedlikehold, og tiltak som ikke bidrar til nullvekstmålet er imidlertid tiltak som ikke uten vidare kan finansieres gjennom Miljøløftet og byvekstavtalen. Bergen kommune sitt innspill til investeringsprogrammet avgrensar seg derfor i stor grad til fordelingen av de ufordelte midlene til gjennomføring av Regional transportplan (RTP) på 2,86 mrd. kr, og den langsiktige porteføljen av større prosjekter.	Generelt	Busshaldeplass må vurderast i årleg løyvingar under Kollektivtiltak.
Bergen kommune	Kommunen er derfor glad for at fylkeskommunen nå erkjenner at det er behov for tiltak ut over byvekstavtalen: Fylkeskommunen nevner spesielt følgende strekninger der det bør vurderes å finansiere tiltak utenom Miljøløftet: <ul style="list-style-type: none"> • Reparasjon av gater i sentrum: Spesielt gjelder dette flere av dette flere av de brosteinsbelagte gatene i sentrum. Det bør dessuten vurderes mulighetene for å erstatte gateparkering med mer plass til myke trafikanter på disse veiene, med Klostergaten som et eksempel. • Fv.587 Arnatveit-Midttun med tunnel forbi Grimesvingene • Utbedring av fv.5184 Grimstadvegen • Fv.5192 Bjøllebotn-Totland • Flomsikring ved fv.5198 Sædalsvegen 	Fylkesveg	Reperasjon av gater i sentrum og fv 587 Grimesvingane må vurderast vidare. Fv 5184 Grimstadvegen er føreslått vurdert prrioritert om det vert tilstrekkeleg med midlar, krev samfinansiering. Flaumsikring 5198 Sædalsvegen blir vurdert gjennom vedlikeholdsmidlar i Miljøløftet. Fv 5192 ikkje føreslått prioritert.
Bergen kommune	Bergen kommune påpeker at prosjektene må gjennomgå mtp. måloppnåelse. Bergen kommune vil påpeke at dette også må gjelde for prosjektene i handlings- og investeringsplanen.	Generelt	Det er utarbeida framlegg til prioriteringssystem

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Bergen kommune	Kommunen ønsker at nye investeringsprosjekter som ikke direkte bygger opp under nullvekstmålet skal suppleres med tiltak som bidrar til trafikkreduksjoner andre steder, eller tiltak som primært bidrar til å sikre gode bedre rammevilkår. beredskapsløsninger eller å gi næringstransporten bedre rammevilkår. Bergen kommune vil advare mot, og kan ikke støtte tiltak som undergraver nullvekstmålet. Miljøvennlige og mindre arealkrevende transportformer må ha førsteprioritet i planleggingen av et framtidsrettet transportsystem.	Nullvekstmålet	Teke til etterretning
Bergen kommune	Bergen kommune foreslår at Salhusvegen kan prioriteres som et gang- og sykkeltiltak utenfor Miljøløftet.	Gang og sykkel	Ikkje føreslått prioritert
Bergen kommune	Bergen kommune ønsker mer samarbeid om trafikksikkerhet for gående, og at VLFK må ha forståelse for kommunens ønsker når det gjelder fotgjengeroverganger, lysregulerte kryssinger, og trygge skoleveier. Fotgjengerovergang, lysregulerte kryssinger, fotgjengerbroer eller -underganger bør særlig vurderes i deler av Åsane sentrum fra Horisont og nordover langs FV 578.	Trafikksikring	Det er avsett midlar til trafikktryggleik i Miljøløftet
Bergen kommune	Bergen kommune vil framover gå i dialog med fylkeskommunen om behovet for støydemping og tiltak mot luftforurensning ved tunnelmunninger nær boligområder.	Miljø	Teke til orientering.
Bergen kommune	Kommunen vil arbeide for å senke hastigheten på kommunale veier i boligområder til 30 km/t, og utfordre fylkeskommunen til å gjøre tilsvarende på fylkesveier.	Trafikksikring	Inntil vidare har SVV ansvar for å fastsetje fartsgrenser
Bjørnafjorden kommune	Utbetring av Fv 552 Hatvikvegen inkludert gang og sykkelveg er det overordna prioriterte prosjektet for Bjørnafjorden kommune	Gang og sykkel	Foreslått prioritert
Bjørnafjorden kommune	Kommunen forutset at dei prosjekta som ligg i vedteke investeringsprogram for perioden 2022 - 2025 blir vidareført.	Fylkesveg	Sak til fylkestinget juni 2022 om Åsen-Helleskaret
Bjørnafjorden kommune	Trafikksikringstiltaket på Fv.48 med undergong på Rød skal prioriterast.	Trafikksikring	Må vurderast gjennom trafikktryggleiksmidlar
Bjørnafjorden kommune	Kommunen forutset at prosjekt utbetring av fv.48 og då spesielt strekninga frå Holdhus til Mundheim, som ligg i dei langsiktige prioriteringslistene, blir vidareført	Fylkesveg	Strekninga er føreslått prioritert gjennom strekningsvise utbetringar
Bjørnafjorden kommune	Kommunen forutset at prosjekt utbetring av ferjekaiane på Hatvik og Venjanaset blir vidareført og utvida til å omfatte betre tilhøve for pendlarar med auka parkering og gode venterom	Kai	Hatvik og Vejanaset er føreslått prioritert. Ikkje lagt inn midlar til parkering og venterom.
Bjørnafjorden kommune	Kommunen forutset at dei prosjekta som er spelt inn tidlegare, men ikkje tatt med, blir vurdert på nytt som eigne prosjekt, eller vurdert når dei ulike sekkepostane skal fordelast.	Fylkesveg	Tatt til orientering
Bjørnafjorden kommune	Regionsenteret Osøyro skal utviklast som eit regionalt trafikknutepunkt både for hurtigbåttrafikk frå Sunnhordland og i Bjørnafjordsbassenget, samt korresponderande og hyppig busstilbod til heile regionen.	Kollektiv	Tatt til orientering. Plassering og utforming av kollektivknutepunktet bør sjåast i samanheng med komande arbeid med plan for framtidig båttilbod i Hordaland og vedtatte Trafikkplan for Bergen sør og Bjørnafjorden

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Bremanger kommune	Det kan vere vanskeleg å skilje då store vegprosjekt og vil bidra til vesentleg auka trafikktryggleik og i tillegg ha andre viktige samfunnsmessige effektar. Eit døme på dette er FV 614 Svelgen -Indrehus.	Spm 1	Tatt til orientering
Bremanger kommune	For å knyte saman kystregionen utfordrar vi Vestland fylke til å legge etappe 2 brukryssing over Nordfjorden inn i handlingsprogrammet til RTP med bru frå Tongane til Biskjelneset, og utbetring av innfartsvegane til brukryssinga.	Fylkesveg	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Bremanger kommune	Når det gjeld forslaget om eigne løyvingar til rekkverk, vegljøs og til ei ordning med spleiselag for mindre prosjekt, så stiller Bremanger kommune positiv til dette. Gjennom praktisk erfaring (Smørhamn-Oldeide) har ein m.a. sett at ein kan få gjort mykje m.o.t. framkome og trafikktryggleik for relativt «små» beløp.	Spm 2	Tatt til orientering
Bremanger kommune	Når det gjeld moglege konkrete framlegg til samarbeidsprosjekt, så viser vi til tidlegare oversend forstudierapporten vedk. punktvis utbetring av FV 616 Davik-Rugsund.	Spm 3	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg. Ev mindre utbetringar kan vurderast i årlege budsjett
Bremanger kommune	Bremanger kommune har forståing for at det er svært krevjande, innanfor avgrensa økonomiske rammer, å prioritere tiltak i eit fylke som har store behov for gjennomføring av små og store prosjekt som skal bidra til tryggleik, framkome og reduserte utslipp. Når det gjeld innspel til prioriteringar, så syner vi til punkta ovanfor, samt tidlegare innspel.	Spm 4	Tatt til orientering
Bremanger kommune	Elles har vi tiltru at Vestland fylke i samarbeid med regjeringa får i samband med NTP får utarbeidd ein ny, oppdatert skredsikringsplan. I den samanhengen vil vi igjen påpeike behovet for sikring av FV 616 Dombestein-Davik, samt Magnhildskaret og Svoren-Hunskor.	Skred	Føreslått å avvente nasjonal gjennomføringsplan for skred for vidare prioriteringar av skredprosjekt
Bømlo kommune	Det er positivt at Vestland fylkeskommune inviterer til innspel frå kommunane i ein tidleg fase av planarbeidet. Vanlegvis blir fokus i slike handlingsplanar budsjettpostar og eigne prosjekt, men her er og fokus på føremål og konsept. Slike drøftingar er bra å kunne kome med innspel til, før planane blir formelle høyringsutkast og sendt på ettersyn. Bømlo kommune synes dette er ei positiv tilnærming og me håpar at fylkeskommunen held fram med dette i viktige regionale planar.	Generelt	Tatt til orientering
Bømlo kommune	Bømlo kommune er i hovudsak einige i korleis investeringsprogrammet er bygd opp og slik føremåla er delt inn.	Spm 1 og spm 2	Tatt til orientering
Bømlo kommune	Til prioriteringa støttar Bømlo kommune at ein må prioritere vedlikehaldsetterslep. Det er bra at ein utviklar langsiktige investeringsplanar og at Bømlabrua har ei høg prioritering. Deretter må ein leggje aller mest vekt på trafikktryggleik og mindre utbetringar. Her kan små midlar kan ha store vinstar, det omdømet på nærmiljøet betre og auke verdien på eigedomane.	Spm 1	Tatt til orientering
Bømlo kommune	Trafikktryggleik heng tett saman med gang- og sykkelvegtiltak, nokon som bør kome fram i det vidare arbeidet og i tilskotsordningar. Desse konseptta treng kanskje vore fråskilt.	Spm 1	Tatt til orientering

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Bømlo kommune	Som fylkeskommunen sin strategi for mjuke trafikantar peiker på, så skal fylket samarbeide med kommunar og gi støtte til prosjekt som sikrar tryggare tilhøve for mjuke trafikantar. Strategien peiker på at trafikktryggleikstiltak vere mange ulike typar tiltak. Me vil spele inn at tiltak får gåande, som tråkk og snarveggar, som ikkje nødvendigvis følgjer vegbanen, og kan auke trafikktryggleiken monaleg. Bymiljøetaten i Bergen kommune har kartlagt snarveggar for å betre framkome til bybanestopp, og Trondheim kommune har gjort tilsvarande kartlegging gjennom «Miljøpakken». Slike gå-satsingar og utbetring av nye snarveggar og «barnetråkk/folketråkk» må og vere å betrakte som trafikktryggleikstiltak i finansieringsordningane. Dette vil og vere i tråd med det som står omtala i rapporten «Meir veg for pengane»: «Det handlar om å bygge på riktig måte med omsyn til geografi, og samstundes oppnå best mogleg trafikktryggleik (side 51).	Trafikksikring	Tatt til orientering
Bømlo kommune	Det må vere ein samanheng i kva ein får tilskot til og kva som kan bli realisert. Bømlo kommune har erfart å få tilskot til tiltak på fylkeskommunal veg, men kor vegeigar og/eller Statens vegvesen ikkje godkjenner tiltaket. Her må det sikrast ein samanheng mellom kva ein får tilskot til og kva som er realistisk å få gjennomført.	Generelt	Tatt til orientering
Bømlo kommune	For langsiktige prioriteringslister og prosjekt som kan vere vurdert for mogleg oppstart i perioden 2022 – 2033 vil me løfte fram Fv542 Miljøgate Svortland.	TS	Ikkje prioritert
Bømlo kommune	Når det gjeld eventuelle samarbeidsprosjekt vil trekke fram snøggbåttilbodet kor me er opne for å prøve ut innovative løysingar på langrutekonsept. Det har til no vore ein del fokus på byruter og pendlaruter, men innan konseptta langruter er både elektrifisering og autonome farkostar aktuelt dei kommande åra. Tilrettelegging for dette og utbetring av kai-anlegg kan vere døme på konkrete tiltak som kommunen kan vere med på å spleise på. Både i Bømlo og Sunnhordland har ein lokalt næringsliv som ligg i front global samanheng når det gjeld utvikling av berekraftige energiberarar, som er eit godt grunnlag for utviklingsarbeid av framtidens snøggbåtar.	Kollektiv	Tatt til orientering
Bømlo kommune	I kommuneplanen sin samfunnsdel har me visjonar som ein «Bygdabane», eit meir gjennomgåande kollektivtilbod, til dømes basert på etterspurnad framfor rutestyring som tiltak. Dette kan bli aktuelt å sjå på etter kvart som vegnettet blir stilt ferdig gjennom Bømlopakken. Sentrumsbussar og alternative kveldstilbod er og noko kommunen vil vere i dialog om, gjerne og i samarbeid med lokalt næringsliv.	Kollektiv	Tatt til orientering. Jf. m.a. handlingsprogrammet om "Utgreiing for tilbodsstandard for mobilitetstilbodet". Planlegging og utvikling av rutetilbodet skjer gjennom eigne prosessar, og inngår såleis ikkje i RTP.
Bømlo kommune	Arbeidstimar til planarbeid og prosjektering er ein kostnad for kommunen, og bør telje som økonomisk bidrag inn i samarbeidsprosjekt.	Generelt	Må avtalast i kvart tilfelle
Etne kommune	Etne kommune støtter framlegget om at prosjektet på fv. 548: Skånevik-Nesvågen-Flesjo, breiddeutviding med fortau ligg inne i handlings- og investeringsprogrammet 2022-2033 for Regional transportplan for Vestland. Vi meiner tiltaket må kome inn på lista for prioriterte prosjekt i første del av planperioden.	Fylkesveg	Tiltaket er prioritert på delstrekninga Skånevik-Nesvågen i fylkesdirektøren sitt framlegg om rammene vert auka.

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Etne kommune	Det er stort behov for tilrettelegging for mjuke trafikantar i Skånevik sentrum. Det er ønskeleg å samkøyre prosjekta med opprusting av fv. 548 Skånevik-NesvågenFlesjo og miljøgate i Skånevik sentrum, m.a. sidan dei om lag 200 m av førstnemnte prosjekt er ei løysing med miljøgate	Gang og sykkel	Prosjektet er omtala som aktuell i utkastet
Etne kommune	Korresponderande ruter frå båt over mot buss er for det heilskaplege kollektivtilbodet; dette er ikkje godt nok i dag for Skånevik sin del.	Kollektiv/ Skyss	Tatt til orientering. Planlegging og utvikling av rutetilbodet skjer gjennom eigne prosessar, og inngår såleis ikkje i RTP
Etne kommune	Forkøyrsvveg på begge fylkesvegar mellom Etne og Skånevik.	Fylkesveg	Tatt til orientering. Skilting inngår ikkje i RTP
Etne kommune	Det er behov for punktutbetringar fleire stader på fylkesvegnettet i Etne kommune, både på fv. 5014 Skånevik-Etne og på fylkesvegane i Etnebygda.	Fylkesveg	Mindre utbetringar kan vurderast i årlege budsjett
Etne kommune	Dagens takstsystem i Vestland fylke treff ikkje kollektivtilbodet ut av Etne kommune. Ein ber om ei harmonisering av billettprisane på buss og hurtigbåt. Det må også arbeidast for å sikre felles takstsystem over fylkesgrensene der det er felles arbeidsmarknads- og skulesamarbeid	Kollektiv/ Skyss	Det vil komme ein politisk sak med anbefaling rundt harmonisering av båtprisar i Vestland fylke hausten 22.
Etne kommune	Etne kommune ønskjer også tett kontakt med fylkeskommunen om tiltaket i utkast til handlingsprogram: Skånevik, ferjekaibru og støttepunkt, ev. flytte ferjekai	Kai	Prosjektet er prioritert
Etne kommune	Etne kommune vil halde fram den tette kontakten med fylkeskommunen om bussterminal i Etne sentrum, jamfør den nybygga, midlertidige terminalen og planane for permanent terminal.	Kollektiv	Tatt til orientering.
Etne kommune	Etne kommune viser til tidlegare uttale og ber om at Saudatunnelen blir del av strekningsvis utgreiing og vert lagt inn som eit utviklingstiltak.	Fylkesveg	Ikkje prioritert i framlegget
Fitjar kommune	Fitjar kommune viser til at prosjekt Fv 545, Stord Vestside er lagt inn som prosjekt for mogeleg oppstart i perioden 2027-2033. Reguleringsplan er under arbeid og skal opp til politisk behandling våren 2022. Fitjar kommune reknar med at reguleringsplanen blir endeleg stadfesta i 2022 og ber om fysisk oppstart av vegprosjektet, Fv 545, Stord vestsida i 2023.	Fylkesveg	Prosjektet er teke med under vegprosjekt
Fjaler kommune	Vestland fylkeskommune bør prioritere: 1. trafikktryggleik og mindre utbetringar 2. Generell oppgradering av fylkesvegnettet til funksjonell standard 3. løyve midlar til planarbeid for vegnettet rundt hubbane omtala i rapporten «Grøn region Vestland» 4. tiltak for å utvide bu- og arbeidsområde i distrikta	Generelt	Teke til orientering
	Fylkeskommunen må auka løyvingane til strekningsvise utbetringar av regionale hovudvegar (vegar i funksjonsklasse B) frå 200 mill. til minimum 500 mill. årleg.	Fylkesveg	Det er lagt til grunn 200 mill kr. ut i frå dei generelle økonomiske rammene til investeringar
	Det er positivt at Vestland vil setje i gang minst to større gang -og sykkeltiltak utanom Miljøløftet årleg og at det kjem eigne løyvingar til rekkverk, vegljøs og til ei ordning med spleiselag for mindre prosjekt	Gang- og sykkel, sp.m. 2	Teke til orientering

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
	Det bør takast ei ny vurdering av bompengefinansiering på Fv.57 og andre for å auke finansieringa av Fvnettet. Trasevalet for Fv. 57 kan blant anna medføre behov for færre bomstasjonar enn tidlegare stipulert.	Fylkesveg	Teke til orientering
	Det bør og avsettast midlar (forskottering) til planlegging/regulering rundt dei grønne hubbane. Slik sett bør Fv. 607 og Fv.5655 ha ei prioritering med omsyn til industrietablering på Lutelandet (som ein av dei grønne hubbane)	Fylkesveg	Ikkje ønskeleg med forskottering, binder framtidige budsjett
Gloppen kommune	Gang og sykkelveg på Fylkesveg 615 Sandane - Fitje er på topp i Gloppen kommune si prioritering til RTP. Gjennomføringa kan skje etappevis der første etappe må vere Sandane - Storebrua	Gang og sykkel	Tiltaket er føreslått i framlegget
Gloppen kommune	Miljøgate på Fylkesveg 615 Sandane sentrum må prioriterast fordi fylkesvegbrua er einaste flaskehals på Holvikeelva. Denne brua må utbetrast for å flaumsikre Sandane sentrum.	Fylkesveg	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Gloppen kommune	Det er stort behov for standardheving av Fylkesveg 615 for forhold som vegbreidde, kurvatur og sideterreng. Det strekningsvise prosjektet for Fylkesveg 615 bør innehalde ein tiltaksplan for alle farlege punkt, inkludert skredsikring i Hopshammaren	Fylkesveg, Skredsikring	Vegen inngår i framlegget til strekningsvise prosjekt
Gloppen kommune	Fylkeskommunen må gjere ei vurdering av om ein, slik fleire kommunar i Vestland fylke har gjort, kan skrive opp vegklasse på fylkesvegar for å møte eit stort behov for uttransportering av hogstmoden skog. I Gloppen gjeld dette særskilt Fylkesveg 5738 Støyva- Myklebust der 70 000 kubikkmeter tømmer er klar for hogst	Klassifisering fylkesveg	Vert vurdert i kvart enkelt tilfelle
Gloppen kommune	Mindre utbetringar av fylkesvegnettet må i større grad prioriterast slik at utbetringane aukar vegklassa på vegen, eksempelvis Fylkesveg 5733 Ospevika- Kandal.	Fylkesveg	Tiltaket må vurderast under Mindre tiltak.
Gulen kommune	Gulen kommune det er fornuftig å utbetre og oppgradere dagens vegstandard framfor nye kostnadskrevjande prosjekt.	Spm 1	Tatt til orientering
Gulen kommune	Hovudfokus på vegstandarden i Gulen vil være opprusting av Fv 57 mellom Sløvåg og Rutledal (del av Kystvegen)	Fylkesveg	Vegen inngår i framlegget til strekningsvise prosjekt
Gulen kommune	Heilt nødvendig med overflatebehandling på Mjåsund-/Mjømnesund-/Napsøysund bru. Desse har ujamt betongdekke og svært dårleg friksjon, særleg ved våt veg. I tillegg burde overgangen bru/veg v Leversund bru (Fv 57) særleg del vore utbetra ma. pga. høgdeforskjell.	Bru	Mjåsund, Mjømnesund og Napsøysund ligg inne i framlegget. Leversund bru ikkje omtala, men ligg på fv 57 som er del av strekningsvise prosjekt
Gulen kommune	Masfjordbrua bør liggja inne med ferjeavløysingsmidlar	Fylkesveg/bru	Tatt til orientering. Eige utviklingstiltak i handlingsprogrammet til RTP om ferjeavløysing
Gulen kommune	Her bør det snarast setjast i gang tiltak mellom Instefjord og Brekke. Denne strekninga er svært rasutsatt. Bør sjåast i samanheng med Instefjordtunnelen, Fv 602	Skredsikring	Tiltaket er ikkje prioritert. Ev mindre utbetringar kan vurderast i årlege budsjett
Gulen kommune	Her bør også gangvegen Hovden – Steine (fv 570) takast med. Med tilskot frå private, bygdelag, næringsliv og kommune er denne snart ferdig regulert	Spm 3/Gang og sykkel	Tiltaket er ikkje prioritert . Ev mindre utbetringar kan vurderast i årlege budsjett
Gulen kommune	Gangvegen gjennom Brekke sentrum bør også takast med.	Gang og sykkel	Tiltaket er ikkje prioritert. Ev mindre utbetringar kan vurderast i årlege budsjett

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Hyllestad kommune	For Hyllestad kommune er det rammeløyvingar til trafikktryggleik og mindre utbetringar som er det klart viktigaste	Spm 1	
Hyllestad kommune	Det er veldig positivt at det er sett av ein eigen pott til mindre tiltak, som er i tråd med tidlegare høyringsinnspel frå Hyllestad kommune, men det er viktig at potten og vert utvida til å gjelde vegar i funksjonsklasse C	Spm 2	Mindre utbetringar kan gå til alle vegklassar
Hyllestad kommune	Prinsipielt er det betenkeleg å måtte gå inn med kommunale midlar for å få utbetra fylkesvegar, då vert det lett dei rikaste kommunane som og får mest av dei fylkeskommunale midlane. Samstundes ser vi at kommunal planlegging saman med fylkeskommunen i mange tilfeller allereie vert gjort, med godt resultat. Når det gjeld korleis ein får mest mogleg for pengane har Hyllestad kommune utarbeidd ei oversikt over alle mindre tiltak og utbetringpunkt på fylkesvegane i kommunen. Dette ligg som vedlegg, vi inviterar gjerne til dialog med fylkeskommunen utbetringane og tiltaka som ligg i vedlegga.	Spm 3	Tatt til orientering.
Hyllestad kommune	Det som ligg i investeringsprogrammet av større prosjekt er i tråd med tidlegare innspel frå kommunen, og vi støtter framlegget. For Hyllestad kommune er mindre utbetringar, og då lågare funksjonsklassar, viktigare enn større vegprosjekt. Dette saknar vi i framlegget. Ofte snakkar vi om små beløp og små tiltak som til dømes fjerning av ein bergnabb eller utviding av ei møtelomme før vegane får ei heilt anna funksjon for næringsliv og innbyggjarar. Vi viser her til vedlegg som syner registrerte tiltak for alle vegane i kommunen.	Spm 4	Tatt til orientering.
Hyllestad kommune	Fylkesveg 607 er den viktigaste vegen for næringslivet og innbyggjarane i Hyllestad kommune. Denne vegen bind saman kommunen med E39 og er bindeleddet mellom Lutelandet og europavegnettet.	Fylkesveg	Tatt til orientering
Hyllestad kommune	Potten som er sett av til strekningsvise utbetringar må også gjelde for funksjonsklasse C.	Fylkesveg	Fylkesdirektøren meiner det er behov for å særleg prioritere regionale hovudvegar (funksjonsklasse B)
Høyanger kommune	Fv 55 Vadheim-Grense Innlandet fylke på Sognefjellet er den viktigaste sambindingsvegen aust-vest gjennom Sogn. Vegen har 12 skredpunkt med høg eller middels faktor, mykje smal og svingete veg med dårleg sikt og dårleg standard, samt fleire ulykkespunkt.	Fylkesveg, Skredsikring	Fv 55 er ei av strekningane som ligg under Strekningsvise prosjekt og er føreslått prioritert. Det er føreslått å avvente vidare prioritering av skredsikringsprosjekt i samband med nasjonal gjennomføringsplan
Høyanger kommune	Fv 55 Tronvik-Ulvåna: Kommunen ber om at strekninga blir prioritert for strekningsvis utbetring tidleg i perioden.	Fylkesveg	Prosjekter er føreslått prioritert i strekningsvise prosjekt
Høyanger kommune	Omlagging av Fv 55 i Kråkevika i Vadheim - veglys, autovern, busstopp og avkøyrsel kan bli eit spleiselag mellom kommunen, SVV, VLFK og Vadhiem akvapark AS	Trafikksikring/ Spm 3 spleiselag	Tatt til orientering.
Høyanger kommune	Fv 5442 og 5586 på Høyanger sørside - autovern	TS	Det er føreslått ei eiga ordning for rekkverk
Høyanger kommune	Fv 5586 Bjordalstunnelen - oppgradering	Tunell	Fylkesdirektøren vurderer behov for oppgradering av tunnelar som ikkje er omfatta

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
			av tunneltryggleiksforskrifta for fylkeseg
Høyanger kommune	Fv 5586 Parti forbi Åkre - rasutsett	Skredsikring	Det er føreslått å avvente vidare prioritering av skredsikringsprosjekt i samband med nasjonal gjennomføringsplan
Høyanger kommune	Fv 5597 Dyrnesli - Fjaler grense - utviding	Fylkesveg	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg. Ev mindre utbetringar kan vurderast i årlege budsjett
Høyanger kommune	Fv 607 Lavik-Leirvik - oppgradering	Fylkesveg	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg. Ev mindre utbetringar kan vurderast i årlege budsjett
Høyanger kommune	Fv 5442 Bjordal-Matre - nedkorting av vinterstenging	Fylkesveg	Tatt til orientering. Gjeld ikkje investering
Høyanger kommune	Auka løyving til rassikring til fylkeskommunen	Nasjonalt	Fylkeskommunen arbeider m.a. gjennom Nasjonal rassikringsgruppe om auka løyvingar til skredsikring
Høyanger kommune	Viktig av fylkeskommunen prioriterer dei knappe midlane til skredsikring i samsvar med skredfaktormodellen	Skredsikring	Tatt til orientering
Høyanger kommune	Bru over Esefjorden blir prioritert tidleg i perioden	Skredsikring	Er omtalt i investeringsdokumentet
Høyanger kommune	Meir veg for pengane: nytte handlingsrommet i vegnormalen, tidleg deltaking i planprosessar, rett entrepriseform. Byggherrestrategi som ser investeringar og vedlikehald på veg, gang- og sykkelveg, tunnelar, bruer, rassikring og kommunale tiltak i samanheng. Ved å løyse tiltak innafor eit geografisk område eller vegstrekning kan vi sikre heilskaplege løysingar med t.d. god massebalanse, tryggleik og dermed høgare samfunnsnytte.	Spm 1	Tatt til orientering
Kinn kommune	Kystvegen Svelgen – Indrehus: Ny fylkesveg frå Svelgen til Indrehus må få positiv omtale i den nye regionale transportplanen, og utbygginga må få høgaste prioritet av fylkesveganlegga i perioden som no startar.	Fylkesveg	Prosjektet er omtala, men vurdert at det vil vere vanskeleg å finne rom til prosjektet. Det er føreslått ei vurdering av om kystvegen kan omklassifiserast til riksveg.
Kinn kommune	Bygging av bru frå Tongane til Biskjelneset og opparbeiding av tilførsleveggar på sør – og nordsida av brua må få positiv og konkret omtale i ny RTP.	Bru	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Kinn kommune	FV 617 Kapellneset – Raudeberg, forbi Snorre Seafood: Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid (spleiselag) mellom fylkeskommunen, private, kommunen (VA) og kabeletatar.	Spm 3 spleiselag	Tatt til orientering
Kinn kommune	FV 611 Hovlandsvegen Eikefjord: Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen (VA) og kabeletatar. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP.	Fylkesveg, spleiselag	Tatt til orientering
Kinn kommune	FV 5715 Måløy – Oppedal: Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom at på denne strekninga vil etablering av relativt få møteplassar gje vesentleg betre framkommeligheit og funksjonalitet.	Fylkesveg	Ev mindre utbetringar kan vurderast i årlege budsjett

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Kinn kommune	FV 5704G/S Brandsøyvegen Fullføring av G/S Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom prosjektet gjennomførast «oppå» allereie etablert infrastruktur (VA og kabeletatat). Vidare vil det vere ei fullføring av eit prosjekt som allereie er starta opp. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP.	Gang og sykkel	Føreslått for perioden 2027-2033
Kinn kommune	FV 445 Lindheimsvegen Florø: Prosjektet vil binde saman RV og FV nettet i Florø by på ein føremålstenlege måte.	Fylkesveg	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg.
Kinn kommune	FV 615 Hyen - Storebru: Prosjektet vil gje trygg reise for dei som pendlar mellom Florø/Eikefjord og Hyen/Sandane. Vegen er og mykje brukt som omkjøringsveg ved stenging av hovedferdselsårer som E39 Mellom Førde og Sandane. Det er stort behov for standardheving av Fylkesveg 615 for forhold som vegbreidde, kurvatur og sideterreng. Det strekningsvise prosjektet for Fylkesveg 615 bør innehalde ein tiltaksplan for alle farlege punkt, inkludert skredsikring i Hopshammaren	Fylkesveg, Skredsikring	Strekninga er ein av dei strekningsvise utgreiingane. Det er føreslått å avvente tiltak på fv 615
Kinn kommune	Sykelbyavtalen med Florø må vidareførast. Arbeidet i den avtalte partnarskapen mellom fylkeskommunen SVV og kommunen vart brote av regionale mynde. Denne må på plass igjen. Kinn kommune vil også ha ein dialog med fylkeskommunen om etablering av sykkelby for Måløy.	Gang og sykkel	Fylkeskommunen vurderer vidare korleis samarbeide med kommunane om sykkelbygging. Jf utviklingstiltak 2.13 i handlingsprogrammet til RTP.
Kinn kommune	Kinn kommune har nyleg vedteke trafikktryggleiksplan. Denne peikar på ei rekkje forhold/punkt på fylkesvegnettet. Kommunen har lagt til grunn, og forventar at det blir gjort tilgjengeleg midlar i fylkeskommunen til oppfølging av slik plan.	Trafikktrygging	Ev mindre utbetringar kan vurderast i årlege budsjett
Kinn kommune	Kommunen kostar i dag drift og vedlikehald på veglys på fylkesveg. Dette er eit ansvar som må over på fylkeskommunen. Det er etablert ein dialog kring dette. Kommunen forventar at dette blir fylgd opp slik at det blir lys på desse vegane når kommunen ikkje tek dette ansvaret på vegne av fylkeskommunen lenger.	Trafikktrygging	Det vert lagt fram politisk sak om dette til hausten
Kinn kommune	Rutefrekvensen i det såkalte «fylkeskommunale minstetilbodet» for lokalbåtrutene i Florøbassenget er for lav i forhold til behovet øysamfunnet har, og samsvarer då heller ikkje med måla 1,3 og 4 i planprogrammet for RTP 2022 – 2033.	Kollektiv/Skyss	Tatt til orientering. Jf. m.a. handlingsprogrammet om "Utgreiing for tilbodsstandard for mobilitetstilbodet". Planlegging og utvikling av rutetilbodet skjer gjennom eigne prosessar, og inngår såleis ikkje i RTP.
Kvam herad	Fv 49: Tokagjelet er det viktigaste prosjektet i perioden 2023 – 2026. Prosjektet må verta prioritert og det må vidareførast som eit samarbeidsprosjekt i mellom Kvam herad, Vestland fylkeskommune og staten.	Skredsikring	Tiltaket er føreslått i fylkesdirektøren sitt framlegg, men finansiering er ikkje avklara
Kvam herad	Fv 79: Strekningsvise utbetringar i mellom Øystese og Ålvik, er svært viktig for Kvam herad, men og som omkjøringsveg til E16. Det er difor nødvendig at strekkja i mellom Øystese sentrum og Laupsa vert prioritert i perioden 2023 -2036, og at arbeidet med Steinstøberget vert prioritert i perioden 2023 -2026.	Fylkesveg, gang og sykkel	Tiltaka er føreslått i fylkesdirektøren sitt framlegg
Kvam herad	Fv 79: Kvam herad ber og om at det i samband med forprosjekt for utbetring/bygging av ny Fyksesund bru med tilhøyrande veganlegg og vert vurdert tunnell løysing frå Laupsa/Skarpen til Nanes/Steinstø	Bru	Tatt til orientering. Det vil vere naturleg å vurdere vegliner på begge sidar av ein ev ny Fyksesund bru

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Kvam herad	Fv 79: Regulering og bygging av gang- og sykkelveg i mellom Vikedal og Ålvik, må verta ein del av arbeidet i mellom Øystese og Ålvik	Gang og sykkel	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Kvam herad	Fv-576, på strekkja i frå Gjermundshamn, Mundheim til Tørvikbygd. Kvam heradsstyre vil også peika på at ei utbetring rundt svingen i Skjering bør nemnast som ein del av dette.	Fylkesveg	Må vurderast gjennom Mindre utbetringar. Blir vurdert å bruke massar frå fv 49 Tokagjelet til tiltak på fv 576
Kvam herad	Fv-49 i frå Trengereid til Odda tatt med. Her er prosjekt som kan vera med å utbeta punkt i Kvam, i frå Kvamskogen til Tørvikbygd kai. Blant desse, bør tunell bak Norheimsund verta tatt inn som eit konkret prosjekt på strekkja	Fylkesveg	Fv 49 inngår i strekningsvise prosjekt. Tunnel bak Nordheimsund er ikkje med i fylkesdirektøren sitt framlegg
Kvam herad	FV 48 Gjermundshamn - Tysse. Kvam herad meiner det er viktig at det kjem i gang strekningsvise utbedringar frå Mundheim til Holdhus	Fylkesveg	Fv 48 inngår i strekningsvise prosjekt, og føreslått prioritert
Kvam herad	Vidare er det viktig for Hardangerregionen at arbeidet med tunnel mellom Austrepollen og Nordrepollen kjem i gang, særleg med tanke på dei store investeringane som skal gjerast i regionen i komande år. D	Skredsikring	Reguleringsplan for tiltaket er starta opp. Gjennomføring må sjåast i samband med KVVU E134-Bergen
Kvam herad	Kvam herad ynskjer at det vert etablert to ferjer på sambandet Jondal - Tørvikbygd og utvida opningstid/ nattferje.	Kollektiv/Skyss	Tatt til orientering. Planlegging og utvikling av rutetilbodet skjer gjennom eigne prosessar, og inngår såleis ikkje i RTP
Kvinnherad kommune	Tofelts veg Fv500 Folgefonntunnelen – Årsnes. Dette var føresetnad både for gjennomføring av Folgefonntunnelen, Jondalstunnelen og oppstart reguleringsplan tunnel Austrepodlen – Nordrepodlen.	Fylkesveg	Ein del av strekninga vert utbeta til to-feltsveg gjennom Kvinnheradpakken
Kvinnherad kommune	Tofelts veg Fv500 og Fv548 på strekkja Opsanger – Reset – Porsvik. Her er allereie sett av midlar i Kvinnheradpakken til bygging av gang-/sykkelveg, noko som vil gi god økonomi om tiltaka vert planlagt og bygd i ein heilskap	Fylkesveg	Fv 500 inngår i strekningsvise utgreiingar. Det er føreslått å avvente ytterlegare tiltak på fv 500 og fv 548
Kvinnherad kommune	Kvinnheradpakken ser ut til å få stortingsbehandling i vår. Når den blir vedteken må den innarbeidast i handlingsprogrammet til liks med dei andre bompengepakane i planen	Fylkesveg	Kvinnheradpakken blir innarbeida i handlingsprogram RTP og i dei årlege budsjett- og økonomiplanane
Kvinnherad kommune	Tiltak for mjuke trafikantar på Fv48 Hatlestrandsvegen/Tongavegen gjennom Gjermundshamn sentrum fram til Gjermundshamn ferjekai	Gang og sykkel	Fv 48 inngår i strekningsvise prosjekt. Bør vurderast som del av dette arbeidet
Kvinnherad kommune	Tiltak for mjuke trafikantar på Fv500 Omvikdalsvegen frå Lundsvika til Holmen: GS og bru	Gang og sykkel, bru	Tiltaket er ikkje prioritert
Kvinnherad kommune	Tiltak for mjuke trafikantar på Fv500 Uskedal sentrum – Mørkevågen. G/S-veg	Gang og sykkel	Tiltaket er ikkje prioritert .
Kvinnherad kommune	Trafikktrygging og vegopprusting Fv500 gjennom tettstaden Sundal. Reguleringsplan for Bondhusdalen-Sundal er under arbeid, trafikktrygging kan bli del av dette	Trafikksikring, opprustning fv	Tiltaket er ikkje prioritert. Mindre tiltak kan ev. bli vurdert i årlege budsjett og økonomiplanar
Kvinnherad kommune	Trafikktrygging og vegopprusting Fv500 gjennom Løfallstrand.	Trafikksikring, opprustning fv	Tiltaket er ikkje prioritert. Mindre tiltak kan ev. bli vurdert i årlege budsjett og økonomiplanar
Kvinnherad kommune	Desse bruene få trygge løysingar for mjuke trafikantar i planperioden: Fitje bru, Fv500 i Dimmelsvik - Ænes bru, Fv500 på Ænes - Bru over Eikelva, Fv500 Uskedalen - Husa bru Fv 575 i Ølve - Helland bru - Fv 5028 på Husnes	Trafikksikring. Gang og sykkel	Tiltaket er ikkje prioritert. Mindre tiltak kan ev. bli vurdert i årlege budsjett og økonomiplanar

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Kvinnherad kommune	Ny ferjekai på Skjelnesodden, Varaldsøy, med forlenging av FV5114 frå Bygdavågen som tilkomstveg	Kai, fylkesveg	Tiltaket er ikkje prioritert
Kvinnherad kommune	Fjelbergsambandet er eit stort vegprosjekt med to bruer fleire kilometer veg i dagen. Prosjektet er under reguleringsplanlegging og kan få særst gunstig finansiering, truleg fullfinansiering, gjennom ferjeavløysingsordninga. Sjølv om prosjektet ikkje gir store kostnader for fylkeskommunen er det viktig at det kjem med i investeringsprogrammet og at det får tilstrekkeleg prioritet til at planarbeid og anbod ikkje vert seinka	Fylkesveg, ferjeavløysing	Det er lagt opp til eit eiga utviklingstiltak knytt til ferjeavløysingsmidlar. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til dette.
Kvinnherad kommune	Ferjeavløysing Sunnfast: Kommunen viser til at kommunestyra i Stord, Tysnes og Kvinnherad i samband med budsjettvedtak for 2022 ber fylkeskommunen om å leggja til rette for oppstart av interkommunal kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Sunnfast i 2022. Kvinnherad kommune har vedteke at kommunen er villig til å forskuttere inntil NOK 1 million til oppstart av planarbeidet i 2022, men det er naudsynt at fylkeskommunen og dei berørte kommunane deltek med både medfinansiering og interne ressursar til den interkommunale kommunedelplanprosessen.	Fylkesveg, ferjeavløysing	Det er lagt opp til eit eiga utviklingstiltak knytt til ferjeavløysingsmidlar. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til dette.
Kvinnherad kommune	Kvinnherad kommune viser dessutan til pågåande arbeid med ny tilknytning Austevoll – E39, og vil peika på at det er naudsynt at tilknytning Kvinnherad – E39 får same prioritet i fylkeskommunen. Kvinnherad kommune meiner vidare at tiltaket utan tvil kjem inn under tiltaket «Viktige vegar for næringslivet».	Fylkesveg	Fylkeskommunen har for begge dei nemnde kommunane vore med på å vurdere innkorta ferjeløysing, men har ikkje delteke i arbeid med bruløysing.
Kvinnherad kommune	Fv548 frå kryss Porsvikreset til Utåker ferjekai, og vidare frå Skånevik ferjekai (Etne) til kryss mot E134 på Håland er viktig for trafikk til og frå Kvinnherad og bør løftast frå lokal hovudveg (klasse C) til regional hovudveg (klasse B).	Fylkesveg	Det er SVV som vurderer inndeling i vegklasse
Kvinnherad kommune	Prosjekt som er eigna for spleiselag i planperioden er: <ul style="list-style-type: none"> • Tiltak for mjuke trafikantar på Fv48 Hatlestrandsvegen/Tongavegen gjennom Gjermundshamn sentrum fram til Gjermundshamn ferjekai (tidlegare meldt som prioritert tiltak til RTP) • Tiltak for mjuke trafikantar på Fv500 Omvkdalsvegen frå Lundsvika til Holmen (tidlegare meldt som prioritert tiltak til RTP) • Tiltak for mjuke trafikantar på Fv500 Uskedal sentrum – Mørkevågen • Ny ferjekai på Skjelnesodden, Varaldsøy, med forlenging av FV5114 frå Bygdavågen som tilkomstveg. Det er utarbeidd kommunedelplan og forprosjekt for tiltaket. • Trafikktrygging og vegopprusting Fv500 gjennom tettstaden Sundal • Trafikktrygging og vegopprusting Fv500 gjennom Løfallstrand • Punktutbetring Fv5048 Høylandsbygdvegen på strekkja kryss Landa til enden av fylkesvegen 	Spm 3	Tatt til orientering
Luster kommune	Fv.55 Nes - Fortun med oppstart Nes – Høyheimsvik. Kommunen er informert om at reguleringsplanarbeidet for Nes – Høyheimsvik er starta opp, og veglinja er teikna.	Fylkesveg	Tiltaket er føreslått prioritert. Fv 55 er ein av dei føreslåtte strekningane for strekningsvise prosjekt
Luster kommune	Forsterka bru/gangbru på Fv 55 over Jostedalselva i Gaupne.	Gang og sykkel/bru	Fv 55 er ein av dei føreslåtte strekningane for strekningsvise prosjekt
Luster kommune	Tiltak Gjerde sentrum. Tiltak for å få dette til er å bygge fortau langs fylkesveg og å utbetre kryss frå Fv. 604 til	Gang og sykkel, spm 3 spleiselag	Tatt til orientering

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
	hotellet. Luster kommune utfordrar fylkeskommunen til å vere med i eit spleiselag på dette prosjektet.		
Luster kommune	Kryss fv. 603 mot Marifjøra og fv. 55, betre siktforhold og gangtilkomst til busslomme	Gang og sykkel, kollektiv	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg. Mindre tiltak kan ev. bli vurdert i årlege budsjett og økonomiplanar
Luster kommune	Fv. 604 Utbetring av kryss med kommunal veg til Leirdalen	Fylkesveg	Må ev vurderast under Mindre tiltak
Luster kommune	Sørsivegen, Fv 5637, trafikksikringstiltak, skredsikring, utbetring	Fylkesveg, Skredsikring	Må ev vurderast under Mindre tiltak. Skredsikring viser til Nasjonal gjennomføringsplan
Lærdal kommune	Lærdal kommune ber om at strekninga på fylkesveg 271 Ofta – Skulevegen vert prioritert i handlingsprogrammet for perioden 2023 – 2026 med ny Øye bru og gang- og sykkelveg på strekninga.	Gang- og sykkel, Bru	Tiltaket er føreslått prioritert i perioden.
Masfjorden kommune	Kommunen ber om at Masfjordbrua, som vert finansiert ved ferjeavløysingsmidlar og bompenger, vert teke med i handlingsprogrammet med formuleringar som forpliktar fylkeskommunen til å ta tak i dette prosjektet på ein konstruktiv måte, for å få brua realisert i planperioden til RTP. Dette prosjektet må og skildrast i kap 5.7.4.	Fylkesveg, bru	Det er lagt opp til eit eiga utviklingstiltak knytt til ferjeavløysingsmidlar. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til dette.
Masfjorden kommune	Risnesbrua er i svært dårleg stand, ei kjørebane er stengt, og det er svært viktig at ny bru får høg prioritet i handlingsprogrammet og investeringsprogrammet. Ein viser til vedtak i Fylkestinget 12.12.2017 sak 111/2017	Bru	Ny bru er føreslått prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Masfjorden kommune	Masfjorden kommune ser svært positiv på at det vert spleiselag for mindre prosjekt, der kommunar går inn med egne midlar, for å få fortgang på viktige vegutbetringar, møteplassar, fortau og busshaldeplassar med meir.	Spm 3	Tatt til orientering
Masfjorden kommune	Kommunane må få høve til å vera byggherre/gjennomførarar på mindre prosjekt langs fylkesvegane, spesielt når kapasiteten gjer det vanskeleg for fylkeskommunen sjølv å ta på seg ansvaret for tiltaket	Fylkesveg	Vert vurdert i kvart enkelt tilfelle
Masfjorden kommune	Kommunen meiner det er mange tiltak i trafikksikringsplanen det er viktig å få prioritert framover. I saksutgreiinga er nemnt: Fv571 – utbetring Mollandseid – Rekneset, med ID nummer 13 i TS-planen. Fv 570 – fortau Kvamme – Sandnes skule, ID nr 7 i TS-planen. Fv 570 – fortau, Sandnes barnehage – ferjekai, ID nr 31 i TS-planen. FV 570 – kryssutbetring/ vegutbetring kryss Nordkvingo, ID nr 55 i TS-planen. Fv 5444 – fortau og gangfelt ved Matre skule, ID nr 42 i TS-planen. Fv 5444 – snuplass/ kantstopp for skulebussar ved Matre skule, ID nr 15 i TS-planen. Fv 570 kryssoppstramming, fortau og fartsdumpar ved Nordbygda skule, ID nr 44 og 52 i TS-planen	Trafikksikring	Må ev vurderast under Mindre tiltak og mindre tiltak mjuke trafikantar
Masfjorden kommune	Busstilbodet må styrkast både for formiddag og kveld til og frå Bergen i heile kommunen	Kollektiv	Tatt til orientering. Planlegging og utvikling av rutetilbodet skjer gjennom egne prosessar, og inngår såleis ikkje i RTP

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Modalen kommune	Fv 5412 – Modalen treng punktutbetring, reparasjon av vegkropp, flaumsikring fire ulike stader og oppgradering av vegdekke på strekninga mellom Helland – Straume. Vegen er i særskild dårleg tilstand.	Fylkesveg	Må ev vurderast under Mindre tiltak
Modalen kommune	Fv 569 - Parti frå Modalstunnelen – Slottsporten tunnel treng naudsynt vedlikehald og punktutbetringar, etablering av fleire møteplassar, kantsikring og asfalt	Fylkesveg	Må ev vurderast under Mindre tiltak, samt vedlikehaldsmidlar
Modalen kommune	Utbetringar og vedlikehald på fylkesvegane. • Eit effektivt kollektivsystem, med fokus på kollektivtilbod til og frå vidaregåande skule på Voss og Knarvik til Modalen. Modalen kommune ynsker å være med å prøve ut tingsløyisinga «hent meg», som eit tiltak for å betre kollektivtilbodet internt i kommunen og mot Alver og Vaksdal kommunar	Kollektiv	Tatt til orientering. Jf. m.a. handlingsprogrammet om "Utgreiing for tilbodsstandard for mobilitetstilbodet" og "Fleksibel bestillingstransport". Planlegging og utvikling av rutetilbodet skjer gjennom eigne prosessar, og inngår såleis ikkje i RTP.
Modalen kommune	Modalen kommune viser til punkt i RTP der det står følgjande: «Vestland fylke skal ha eit trafiksikkert og framcomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet.» Målet om å stoppe veksten i forfallet er difor ei stor utfordring men det kostar meir å la vere. Fylkesvegane er av ulik standard, dei er smale og har stort sett ei køyrebane, og det er langt mellom møteplassane. Om forfallet får fortsetje som no, vil det gje dårlegare rammer for vekst og utvikling i fylket. Det må setjast av meir midlar.	Spm 2	Tatt til orientering
Modalen kommune	Modalen kommunestyre har i kommunestyremøte 16.april 2020 i vedtak, understreka at prinsipielt er det Vestland fylkeskommune som vegeigar, sitt ansvar å finansiere vedlikehald og utbetring av fylkesvegnettet. Likevel ser ein at ei ordning med spleiselag for mindre prosjekt er med å realisere prosjekt som elles ville teke lang tid å få gjennomført, og kanskje ikkje gjennomført i det heile.	Spm 3	Tatt til orientering
Modalen kommune	Fv 569 Modalstunnelen – Slottsporten tunnel: Møteplassar, punktutbetringar og betre tilrettelegging for gåande og syklande. Fv 5412 Kryss Modalstunnelen – Straume: Flaumsikring, mindre reparasjonar, kantsikring mm.	Spm 3	Må ev vurderast under Mindre tiltak og mindre tiltak mjuke trafikantar
Modalen kommune	Modalen kommune viser til at investeringsprogrammet, saman med økonomisk handlingsprogram skal synleggjere dei økonomiske utfordringane innan samferdsleområdet dei komande åra. Dette er ein viktig del av RTP, som skal være med å sikre samfunnsutvikling også i distrikta.	Spm 4	Tatt til orientering
Osterøy kommune	Osterøy kommune er samd i rekkja Vestland fylkeskommune listar ut tiltakskategoriane på, frå trafikktryggleik og mindre utbetringar (først) til store vegprosjekt (sist), og at med ei slik prioritering vil ein kunne få mest veg for pengane samtidig som fleire kommunar vil sjå noko utbetring over tid. Vi vil føreslå at VLFK definerer tiltakskategoriane tydeleg og vurderer å innføra eigne pottar for desse etter mal frå tidlegare Hordaland fylkeskommune sin RTP 2018-2029. Storleiken på pottane bør reflektere VLFK sine prioriteringar til kvar tid	Spm 1	Tatt til orientering

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Osterøy kommune	I Osterøy kommune finst det per dags dato ingen vegar med funksjonsklasse B, noko kommunen har sterkt ønskje om å utfordra: Lange strekningar langs fylkesvegar 566 og 567 har årssdøgertrafikk på vel over 4000 kjørety og har ein sers viktig funksjon for både lokalt og regionalt næringsliv, og for brann og redning både i kommunen og langs E16. F. Vi meiner at dette prosjektet er ein sers god kandidat for ei strekningsvis utbetring av ein regional hovudveg.	Spm 2	Strekninga er ikkje prioritert i framlegget med unnatak av Loftås-Hauge
Osterøy kommune	Mykje av vegutbetringa langs fylkesvegane i Osterøy kommune dei siste ti åra har kome som resultat av rekkjefølgjekrav på lokale utbyggjarar. Spleiselagsordningar ofte er heilt naudsynte for å få realisert tiltak langs fylkesvegane der alternativet er at både lokale samfunnsutviklings- og næringsutviklingsprosjekt vert stogga eller skrinlagt. Vi ser eit tydeleg behov for ei ordning der kommunane kan søkje fylkeskommunen om midlar til slike spleiselag. For å få meir veg for pengane er det høgst nødvendig at særskilt normalane for fortau og gang- og sykkelveggar kan verta tilpassa distrikta sine behov.	Spm 3	Teke til orientering.
Osterøy kommune	Osterøy kommune vil innleia med å seie seg både takksam og nøgd med at prosjektet Loftås-Hauge langs Fv. 567 har fått ein plass på lista over tiltak for mjuke trafikantar Vi vurderer det som uheldig at Vesetgjelet ikkje har kome inn. Saknar også ferjesambandet mellom Breistein og Valestrand i RTP-en: Osterøy kommune er nøgd med at fylkeskommunen ønskjer å arbeide for at det vert sett av meir midlar til skredsikring. Dette er viktig og naudsynt. Likevel saknar vi visjonar om og midlar til førebyggjande tiltak i høve rassikring: Bruvikvegen Fv. 5418 er truleg den mest rasutsette vegen i Osterøy kommune der både innbyggjarar og vegeigar ville vore tent med ei geologisk kartlegging av rasfara med mål om førebyggjande arbeid heller enn reaktive reparasjonar. Osterøy kommune saknar også eit fokus på veganlegg som er utsett for flaum, stormflo eller ein kombinasjon av desse. Fv. 567 gjennom Lonevåg sentrum er utsett for baa desse og er ferdig regulert. Strekninga er i hjarta av kommunesenteret og manglar også heilt løysingar for mjuke trafikantar.	Spm 4	Prosjekta er ikkje føreslått prioriterte, med unnatak av Loftås Hauge. Mindre utbetringar kan vere aktuelle.
Osterøy kommune	Dei viktigaste tiltaka for gang/sykkelveg for Osterøy kommune er: 1. Fv. 567 Loftås- Hauge 2. Fv. 567 Lonevåg sentrum	Gang og sykkel	Fv 567 er prioritert som g/s-veg
Osterøy kommune	Dei viktigaste utbetringane av veg er: 1. Fv. 566 Vesetgjelet (er også viktig i høve løysing for gang/sykkelveg) 2. Fv. 567 Lonevåg sentrum (er også viktig i høve løysing for gang/sykkelveg)	Fylkesveg	Teke til orientering.
Osterøy kommune	Fv. 5418 Bruvikvegen som den viktigaste i høve skredsikring på Osterøy	Skredsikring	Føreslått å avvente nasjonal gjennomføringsplan for skred for vidare prioriteringar av skredprosjekt

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Samnanger kommune	S Tiltak som nærer ein utvikling på regionalt nivå, vil skape nye utfordringar for lokalsamfunnet. For Samnanger kommune vil dette vere prosjektet med ein ny tunnel i Tokagjelet. Med ein ny tunnel og jamleg auke av ÅDT på Fv. 49, vil det bli eit større behov for oppgradering av tunnelar, trafikktryggleik, mindre utbetringar av eksisterande veganlegg, gang- og sykkeltiltak og kollektivtiltak.	Fylkesveg, spm 4	Tatt til orientering.
Samnanger kommune	I vurderinga om kva tiltak som er viktigast å prioritere, er det viktig å ta med seg at tiltak som skal betre det regionale transportnett, ikkje går utover det lokale transportnett. Utbetring av det regionale transportnett vil krevje lokale tiltak for å hindre at fylkesvegar utviklar seg til ein negativ konsekvens for kommunen. Samnanger kommune synar til at det er viktigare å prioritere strekningsvise utbetringar av regionale hovudvegar over to større gang- og sykkeltiltak utanom miljøøft. Samnanger kommune opplever at den aukande trafikken på vegar i funksjonsklasse B, gjer det mindre trygt på desse vegane der dei er utforma etter ein tidlegare standard. Kryssingspunkt og avkøyring har ikkje blitt oppgradert i takt med den aukande trafikken. Dette er eit ettersleppspunkt som Samnanger kommune synest er viktig å prioritere.	Spm 1, spm 4	Tatt til orientering. Tokagjelet er føreslått i fylkesdirektøren sitt framlegg, men finansiering er ikkje avklara
Samnanger kommune	Samnanger kommune synest at eigne løyvingar til rekkverk, vegljøs og til ei ordning med spleiselag for mindre prosjekt, er ei god tilnærming for å hjelpe kommunar å betre hovudvegar med lågare funksjonsklassar som kommunane sjølv reknar som sentrale for kommunen. Samnanger kommune meiner at det kan vere lurt å sette ramar på kor desse løyvingane går, som til dømes skulevegar.	Spm 2	Tatt til orientering
Samnanger kommune	Samnanger kommune ser på moglegheita til å få utvida det offentlege VA-nettet langs FV. 49 gjennom Eikedalen. Dette er eit prosjekt der det kan vere aktuelt for Samnanger kommune å gå inn i eit spleiselag med fylkeskommunen med å bruke trase for VA til trase for gang- og sykkelveg og andre utbetringar av vegen.	Spm 3	Tatt til orientering
Samnanger kommune	Prosjekta og tiltaka som er knytt til Fv. 49 bør prioriterast.	Spm 4	Fv 49 er ein av dei føreslåtte strekningane for strekningsvise prosjekt. Føreslått å avvente val av trase for KVV E134 Bergen for vidare strategi for vegen
Samnanger kommune	Samnanger kommune har ved fleire anledningar prøvd å redusere hastigheita på Fv. 49 for å betre trafikktryggleiken rundt avkøyrslar og kryssingspunkt for mjuke trafikantar, utan å få gjennomslag	Trafikksikring	Statens vegvesen har vore negativ til dette
Samnanger kommune	Tunneloppgradering av Fossenbrattetunnelen og skredsikring med Tokagjelet er tiltak som må gjennomførast, grunne ein konstant aukiing av ÅDT på denne vegen.	Tunell, skred	Fossenbrattetunnelen er ein av tunnelane som skal rustast opp etter tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg
Samnanger kommune	Samnanger kommune ynskjer at det blir prioritert gang- og sykkelveg mellom Bjørkheim - Bjelkarvika i staden for Tysse – Haga.	Gang og sykkel	Tatt til orientering

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Samnanger kommune	Samnanger kommune har tidlegare, i uttale til Regional Transportplan hausten 2021, uttalt at det må vera eit høgt prioritert tiltak å gjera fv 579 mellom Hisdal og Os om til forkøyrsvveg, og ber om at dette arbeidet blir satt i verk. Vidare vil vi påpeika at same vegstrekning har eit sterkt behov for oppgradering, særleg på enkelte strekningar.	Fylkesveg	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Sogndal kommune	Sogndal kommunen har fylgjande hovudprioriteringar i rekkefylgje: Prioritet 1: Fv 55 Bru over Esefjorden: I høyringsdokumentet er det peikt på at det kan vere aktuelt å vurdere bompengar på prosjektet med bakgrunn i at det kortar inn vegen. I alternativa som er utgreidd tidlegare ville utbetring av vegen i tillegg til rassikring gjort prosjektet dyrare. Skredsikringsprosjekt som dette har vore, og er tenkt dekkja gjennom nasjonale løyvingar og me er undrande til at brukarfinansiering kjem opp som eit alternativ. Avklaringa med at bru over Esefjorden kan reknast som eit fullverdig rassikringstiltak vart avklart attende i 2012. Ei innkorting av vegstrekninga på Fv 55 er ein rein bonus, og Sogndal kommune er viljuge til å overta ansvaret for vegen som vert erstatta av bru.	Skredsikring	Fv 55 Esefjorden er teke med i framlegget
Sogndal kommune	Pri.2: Fv 5609 Njøsavegen (ÅDT 1400)er ein svært utrygg veg å ferdast på for mjuke trafikantar. Sogndal kommune inviterer til dialog for korleis ein kan få ein tryggare kvardag for dei gåande og syklande langs denne vegen. Me stiller oss uforståande til at denne vegen ikkje er med i oversikten over dei prosjekta fylkeskommunen ynskjer å prioritera i RTP	Gang og sykkel	Njøsavegen er omtala som aktuelt gang- og sykkelprosjekt
Sogndal kommune	Pri.3: Fv 424 Haukåsvegen - planleggingsmidlar.	Gang og sykkel	Prosjektet er omtala som aktuelt under vegprosjekt
Sogndal kommune	Pri 4: Sogndal kommune ber og om at det vert sett i gang planlegging av gangveg, Sogndal – Årøy på Fv 55.	Gang og sykkel	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Sogndal kommune	Fv 55 Vadheim – grense Innlandet. Fv 55 har mange flaskehalsar som sårt treng utbetring. Prosjekta Merket – Ulvåna i Høyanger og Høyheim – Nes i Luster må realiserast.	Fylkesveg	Starta regulering av dei to prosjekta. Fv 55 er ein av dei strekningsvise prosjekta
Solund kommune	Solund kommunestyre er nøgde med at Ytre Steinsund bru er sett i gang og ligg inne i planperioden.	Ferjeavl/bru	Tatt til orientering
Solund kommune	For Solund kommune er det viktig at det blir sett av nok midlar i rammeløyving til trafikktryggleik og mindre utbetringar, gang- og sykkeltiltak, kollektivtiltak, oppgradering av kai, bru og tunnel.	Spm 1	Tatt til orientering
Solund kommune	Solund kommune ber om at det vert lagt inn 70 millionar til flytting av hurtigbåtstopp for hovudbåten frå Krakhella til kommunesenteret Hardbakke i planperioden	Kai	Prosjektet er omtala som aktuelt under ferje- og hurtigbåtkai
Solund kommune	Utbetring av to små tunellar på FV 606 ved Eilund i Solund må løysast i planperioden	Tunell	Det er starta opp arbeid med å vurdere tunellar som ikkje er omfatta av tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg
Solund kommune	Det må sikrast nok midlar til trafikktryggleiksprosjekt som t.d. gang/sykkelveg. FV606 som hovudveg i Solund er gjennomgåande smal og uoversiktleg og har mange farlege strekningar for gåande og syklande. Solund kommune ber om at strekninga Hardbakke Steinsund FV606 vert lagt inn som trafikktryggleiksprosjekt, fortrinnsvis som gang/sykkelveg, ev som turveg	Gang og sykkel	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Solund kommune	Møteplassar på FV 606 i Dumbesvingane må må løysast i planperioden	Fylkesveg	Må ev vurderast under Mindre tiltak
Solund kommune	Tilførselsveggar til E39 må prioriterast. I tillegg til strekninga Lavik – Leirvik på fv57, må fv602 Instefjord – Rutledal oppgraderast fleire stader. Det er behov for skilting til Solund og Hardbakke i Instefjord.	Fylkesveg	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg. Må ev vurderast under Mindre tiltak
Solund kommune	Samanhengande billettering lokalbuss, -båt, snøggått og ekspressbuss må utgreiast.	Kollektiv/Skyss	Det vil komme ein politisk sak med anbefaling rundt harmonisering av båtprisar i Vestland fylke hausten 22.
Stad kommune	Stad kommune meiner det er rett å prioritere auka midlar til drift, vedlikehald og opprusting av vegnettet framfor store nye vegprosjekt. Vidare meiner vi at det er viktig å følgje opp tidlegare vedtekne prioriteringar frå Regional Transportplan for Sogn og Fjordane. Det er særst uheldig når konkrete tiltak frå tidlegare RTP for Sogn og Fjordane ikkje lenger er nemnt og teke omsyn til i handlingsprogram og investeringsprogram for Vestland.	Spm 4	Tatt til orientering
Stad kommune	FV620 Kjøde Sandvik er ein hemske for utviklinga i regionen. Realiseringa av skipstunnelen gjer at det hastar meir enn nokon gong å få rusta opp den viktigaste og mest trafikkerte vegen i ytre del av Stad kommune.	Fylkesveg	Prosjektet er vurdert som aktuelt innan vegprosjekt.
Stad kommune	Fv 61 er ein del av Kystvegen Bergen-Ålesund. På Bryggja gjenstår ein 1300 meter lang flaskehals på Fv 61 som ikkje er utbetra. Prosjektet Fv 61 Naveosen- Brubakken er «gryteklart», og vi legg til grunn at prosjektet vert gjennomført i ny RTP for Vestland.	Fylkesveg	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Stad kommune	Fv 618 mellom Selje og Rv15 på Almenningsfjellet er ein svært viktig nærings- og pendlarveg med mykje tungtrafikk. Vegen har jamnt over dårleg standard og med rasutsette punkt.	Fylkesveg, skred	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Stad kommune	Stad kommune stiller seg positiv til medfinansiering av gangvegutbyggingar i Selje og på Stadlandet. Kommunen har trong for oppgraderinga av eigen infrastruktur i desse bygdene, og samarbeid med fylkeskommunal gangvegutbygging vil vere god samfunnsøkonomi.	Spm 3	Tatt til orientering
Stad kommune	Stad kommune peikar på at Fv 5744 Navelsakerstranda har høgast skredfaktor av alle fylkesog riksveggar i Vestland fylke. Fv5744 ligg på 3. plass på marginallista over rassikringsprosjekt i gjeldande RTP for Sogn og Fjordane.	Skredsikring	Føreslått å avvente nasjonal gjennomføringsplan for skred for vidare prioriteringar av skredprosjekt
Stad kommune	Generelt meiner vi at ein bør auke innsatsen på enkle, rimelege tiltak som siktrydding, rekkverk, møteplassar etc på heile fylkesvegnettet. På fleire strekningar i vår kommune er det allereie utgreidd og tilrådd oppgraderingstiltak som kan gjerast relativt enkelt og rimeleg (rekkverk, grøftesprenging, møteplassar, veglys, kantforsterking mm).	Spm 2	Tatt til orientering
Stad kommune	Utbetring og skredsikring på fv 5476 Torheimsvegen bør framleis vere prioritert i investeringsprogrammet, slik den er i gjeldande RTP .	Fylkesveg	Fylkesdirektøren rår til å vurdere skredprosjekt når nye skredlister ligg føre frå SVV
Stad kommune	Stad kommune meiner at bygging av Stad Skipstunnel opnar for at ein kan få realisert vegtunell mellom Moldefjorden og Kjøde, og dermed eliminere fjellovergangen over Mannseidet som er ein flaskehals i dag (FV 618). Stad kommune ber Vestland fylkeskommune difor om å ha tett dialog med Kystverket	Fylkesveg	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
	for å sikre at denne moglegheita er ein del av vurderinga som ligg til grunn for synergieffekt og etterbruk.		
Stord kommune	Stord kommune meiner difor at fylkeskommunen må prioritera prosjektet Sunnfast, og legge dette inn i RTP slik at det ligg midlar til utgreiing og planarbeid. Kommunen ber fylkeskommunen om å leggja til rette for oppstart av interkommunal kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Sunnfast i 2022.	Fylkesveg	Det er lagt opp til eit eiga utviklingstiltak knytt til ferjeavløysingsmidlar. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til dette.
Stord kommune	Stord kommune vil særleg peika på huglasambandet som er ein avgjerande del av Sunnfast-prosjektet, og som bør stå ferdig seinast samtidig med brua over Langenuen på ny E39.	Fylkesveg	Det er lagt opp til eit eiga utviklingstiltak knytt til ferjeavløysingsmidlar. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til dette.
Stord kommune	Vidareføring av arbeidet i den avslutta sykkelbyavtalen: Stord kommune meiner det ikkje er tilstrekkeleg å etablere eit samarbeidsforum for sykkel og gange som har kunnskaps- og erfaringsutveksling til føremål. Det må etablerast eit samarbeidsfora mellom kommune og fylkeskommune med mandat og budsjett for iverksetjing av gode samarbeidsprosjekt.	Gang- og sykkel	Fylkeskommunen vurderer vidare korleis samarbeide med kommunane om sykkelsatsing. Jf utviklingstiltak 2.13 i handlingsprogrammet til RTP.
Stord kommune	Kommunen ber fylkeskommunen om å prioritera midlar til ny kollektivterminal i Leirvik, som er det største kollektivknutepunktet i Sunnhordland.	Kollektiv	Det er starta opp eit arbeid med å vurdere kollektivterminalar
Stord kommune	Stord kommune ber om at følgjande strekningar vert prioritert i høve til sikring av mjuke trafikantar: Gang/sykkelveg langs Fv 545 Dyvikdalen – Sagvåg skule - Gang/sykkelveg langs Fv 5060 Litlabøvegen Stuva – Isdalsvegen og Stuva – E39.Vurdera todelte gang- og sykkelvegar.	Gang- og sykkel	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Stord kommune	Stord kommune ber om at tiltak i kommunen som ligg i utkastet til handlingsog investeringsprogram vert også prioritert vidare i prosessen.	Tiltak i IP	Tatt til orientering
Stord kommune	Stord kommune ber fylkeskommunen sette av midlar til utprøving og eventuelt innføring av nye kollektiv-konsept for Stord kommune i handling- og investeringsplan RTP. Det bør vere krav at køyretøy som deltek i ordninga er nullutslepp	Kollektiv	Tatt til orientering. Jf. m.a. handlingsprogrammet om "Utgreiing for tilbodsstandard for mobilitetstilbodet". Planlegging og utvikling av rutetilbodet skjer gjennom eigne prosessar, og inngår såleis ikkje i RTP.
Stryn kommune	FV. 5724 Oldedalen: Prosjektet vart i innspelet frå Stryn kommune spelt inn som 1.prioritert i Tiltak på fylkesvegnettet.	Skredsikring	Det er føreslått forprosjekt for fv 5724 Oldedalen
Stryn kommune	Vestland fylkeskommune brukar dei nasjonale kriteria for rassikring. Vestland fylkeskommune sine kriteria vektar opp ÅDT, og ser heilt vekk frå risiko og kostnad ved manglande omkøyringsveg ved ras eller rasfare. Vi kan ikkje akseptere den modell administrasjonen i fylkeskommunen brukar i sitt framlegg til prioriteringar for sikring.	Skredsikring	Tatt til orientering

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Stryn kommune	Stryn kommune er djupt uroa over omtala prosess med mål å omklassifisere deler av fylkesvegnettet. Veg utan regional funksjon, kva betyr det? Dette må ein snarast få eit tydeleg svar på.	Fylkesveg, klassifisering	Det pågår ein prosess om dette
Stryn kommune	Tiltak på fylkesvegnettet: 1. Strekningsvis utbetring FV 5724 Oldedalen	Fylkesveg	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Stryn kommune	2. Strekningsvis utbetring FV 5723 Lodalen	Fylkesveg	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Stryn kommune	3. Ny Tyvanestunnel og ny Stavenestunnel på FV 60 Olden -Stryn	Fylkesveg	Det er sett i gang kartlegging av tunnelar som ikkje er omfatta av tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg
Stryn kommune	4. Utbetring, 1,1 km FV 5698 Nos-Jevnlid.	Fylkesveg	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg. Må ev vurderast som mindre utbetring
Stryn kommune	Automatisk varslng: Merkingsgjølet, FV 5723 Lodalen	Skredsikring	Det skal etablerast varslingsanlegg i Lodalen (2023)
Stryn kommune	Strekninga Loen-Solvik vert føresett gjennomført som planlagd i 2022. 1. Hildastranda –Innvik sentrum. Reguleringsplan klar.	Fylkesveg	Prosjektet er føreslått i framlegget
Stryn kommune	2. Olden –Loen. Må sjåast i samanheng med ny Tyvanestunnel.	Fylkesveg	Ikkje prioritert i framlegget
Stryn kommune	Skarstein i Olden: gang-og sykkelveg som planlagd i reguleringsplan.	Gang og sykkel	Ikkje prioritert i framlegget
Stryn kommune	Stryn kommune ber om samarbeidsprosjektet Bærekraftig besøksforvaltning går vidare.	Regional utvikling	Ikkje relevant for HP RTP Inveteringar
Sunnfjord kommune	Sunnfjord kommune støttar forslaget om å setje av ein årleg pott til strekningsvise utbetringar av regionale hovudveger. Ramma må aukast vesentleg til minimum 500 mill. årleg. Det må vidare jobbast for meir midlar til rassikring.	Spm 2, skred	Tatt til orientering
Sunnfjord kommune	Sunnfjord kommune ber om at prosjekta som er prioriterte i gjeldande RTP også vert prioriterte i Vestland fylkeskommune sin RTP.	Spm 4	Tatt til orientering
Sunnfjord kommune	FV 57 Dale – Storehaug a. Det må setjast av 80 mill. til opprusting og punktutbetringar på strekninga Storehaug-Bygstad som strakstiltak	Fylkesveg	Fv 57 er ein av strekningane som er føreslått for strekningsvise prosjekt. Tiltak knytt til kryss er særleg prioritert.
Sunnfjord kommune	Fv 57: Opprusting av parsellen Dale-Storehaug må behalde sin prioritet blant store prosjekt.	Fylkesveg	Føreslått prioritert under strekningsvise prosjekt
Sunnfjord kommune	Fv 57 Strekninga Dale-Osen bør vurderast som eit konkret samarbeidsprosjekt basert på spleiselag, noko som vil vere i samsvar med prinsippet om mest mogleg veg for pengane.	Spm 3	Tatt til orientering
Sunnfjord kommune	FV 611 Sunnfjord kommune er nøgde med at Vestland fylkeskommune følgjer opp føringane som ligg for FV 611, som er eit spleiselag mellom fleire aktørar.	Spm 4	Tatt til orientering
Sunnfjord kommune	FV 609 Heilevang står på førsteplass på marginallista i gjeldande RTP	Skredsikring	Fv 609 Heilevang er prioritert.

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Sunnfjord kommune	Det er behov for å ruste opp busstasjonen og bussholdeplassen ved Firda Billag i Førde.	Kollektiv	Tiltaket er under planlegging som del av Førdepakken
Sunnfjord kommune	Sunnfjord kommune ønsker at Førde held fram som sykkelby og ber om at det vert sett på moglegeheiter for å inngå ny sykkelbyavtale	Gang og sykkel	Fylkeskommunen vurderer vidare korleis samarbeide med kommunane om sykkelsatsing. Jf utviklingstiltak 2.13 i handlingsprogrammet til RTP.
Sunnfjord kommune	Sunnfjord kommune meiner at flyruta Førde-Bergen må inn att som FOT-rute, og at det i neste flyruteanbod vert lagt inn ein utviklingskonsesjon for utsleppsfrie fly på denne strekninga.	Nasjonalt	Tatt til orientering. Det er eiga høyring på nye FOT-ruter frå april 2024.
Sveio kommune	Fylkesveg 47 mellom krysset med E39 og Rogaland grense blir vurdert i samband med utgreiinga av ny Haugalandspakke. Det er ein føresetnad at fylkeskommunen gjennomfører ein strekningsanalyse som kan leggast til grunn for vidare prioriteringar langs denne vegen.	Fylkesveg	Det er under oppstart ei strekningsanalyse for fv 47 saman med Rogaland fylkeskommune som del av utgreiing av ny Haugalandspakke
Sveio kommune	Fylkesveg 541 frå Krossleite til Grimstvedt	Fylkesveg	Prosjektet er omtala som aktuelt under vegprosjekt
Sveio kommune	Ferjesambandet Buavåg-Langevåg er viktig i samband med beredskap, særleg i periodar der Bømlafjordtunnelen er stengd.	Kollektiv	Tatt til orientering
Sveio kommune	Gang- og sykkelveg mellom FV47 og Vikse skule. Sveio kommune ser positivt på at kommunen sitt tidlegare innspel om å vurdere bru over Sotasund for gåande og syklande som eit alternativ til gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, har fått omtale i dokumentet.	Gang og sykkel	Tatt til orientering
Sveio kommune	Kryss med FV47 ved nordre innkøyrse til Sveio sentrum	Fylkesveg	Vert vurdert i samband med strekningsanalyse for fv 47, kan vere aktuelt under Mindre utbetringar
Sveio kommune	Sveio kommune har tidlegare vore positiv til samarbeid og «spleiselag» som kan gje trygg skuleveg. Gang- og sykkelvegen langs Gullvegen mellom Straumavegen og Vikse skule er eit godt døme på dette. Det finst fleire slike aktuelle prosjekt i kommunen. Det er starta arbeid med reguleringsplan for gangog sykkelveg ved Auklandshamn skule, og det er trong får å få på plass manglande parsellar med gangog sykkelveg mellom Valevåg og Tittelsnes	Spm 3	Tatt til orientering
Sveio kommune	På generelt grunnlag er det viktig å ha tilgjengelege midlar til mindre utbetringstiltak og trafikktryggingstiltak langs fylkesvegnettet i Sveio kommune.	Spm 2	Tatt til orientering
Sveio kommune	Viser til tiltak i TS-planen: https://www.sveio.kommune.no/politikk-administrasjon-og-innsyn/planar/andre-planar/trafikksikringsplan-for-sveio-2017-2028/	Trafikksikring	Tatt til orientering
Sveio kommune	Ny E134 mellom Solheim i Vindafjord kommune og Bakka i Etne kommune	Nasjonalt	Riksvegprosjekt
Sveio kommune	Sveio kommune støttar opp om det planlagde arbeidet med utgreiing av ny og tryggare kryssing av Bømlafjorden. Kommunen ønskjer å vera tett på denne prosessen og vil bidra der det er trong for det for å sikra ein god og rask prosess.	Nasjonalt	Riksvegprosjekt

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Tysnes kommune	Tysnes kommune vil særskilt peike på at det er trong for ei tydelegare forankring av ferjeavløysingsprosjektet Sunnfast.	Fylkesveg	Det er lagt opp til eit eiga utviklingstiltak knytt til ferjeavløysingsmidlar. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til dette.
Tysnes kommune	Om Sunnfast vert prioritert i Regional transportplan sitt handlingsprogram, vil Tysnes kommune vera positiv til å bidra i eit spleiselag for kommunedelplan for prosjektet saman med Vestland fylkeskommune, Kvinnherad kommune og Stord kommune. Dette må i så tilfelle behandlast i eigen sak. Av konkrete prosjekt knytt til spleiselag for finansiering vil me i denne omgangen peike på at det er vilje til å sjå på eit spleiselag for planlegging av Sunnfast. Me vil gjerne koma tilbake til andre konkrete prosjekt, men vil i denne omgangen rå fylkeskommunen til å setja av tilstrekkelege midlar til å sikra eiga deltaking i slike spleiselag.	Spm 3	Tatt til orientering
Tysnes kommune	Tysnes kommune er elles tilfreds med at det i handlingsprogrammet vert peika på at nye statlege prosjekt slik som E39 Hordfast vil måtte få konsekvensar knytt til prioriteringar også på fylkesveg i planperioden.	Fylkesveg/spm 4	Tatt til orientering
Tysnes kommune	Tysnes kommune meiner at det er viktig at planen balanserer store vegprosjekt opp mot mindre tiltak knytt til utbetringar og vedlikehald. Det er viktig at det er rammeløyingar som gjer det mogleg å utnytta moglegheiter for samordning av private, statlege og/eller kommunale tiltak opp mot utbetringar av fylkesvegnettet.	Fylkesveg	Tatt til orientering
Tysnes kommune	Tysnes kommune er positive til at det parallelt med avsetjing av midlar til større strekningsvise utbetringar også vert sett i gang minst to større gang og sykkelvegprosjekt kvart år i tillegg til dei prosjekta som ligg som del av Miljøløftet. Tysnes kommune er også positive til at det vert sett av eigne løyvingar til kantsikring, vegljøs og ikkje minst ei eiga ordning med spleiselag for mindre prosjekt.	Spm 2 og 3	Tatt til orientering
Tysnes kommune	FV 549 – Strekningsvis utgreiing frå Norheimsund til Hodnanes. Her bør det gjerast ei strekningsvis utgreiing, i samband med utgreiinga bør det også vurderast trase frå Lukksund til Hovland.	Fylkesveg	Fylkesdirektøren meiner det er behov for å særleg prioritere regionale hovudvegar (funksjonsklasse B). Mindre tiltak kan vurderast i årlege budsjett
Tysnes kommune	Det bør gjennomførast strekningsvis standardheving og investering i samsvar med reguleringsplan frå Skorpokrysset til Øyjorda	Fylkesveg	Mindre tiltak kan vurderast i årlege budsjett
Tysnes kommune	Det bør gjennomførast strekningsvis utbetring og standardheving frå Øyjorda til Liastrando, næringsområde på Nedrevåge	Fylkesveg	Mindre tiltak kan vurderast i årlege budsjett
Tysnes kommune	Tysnes kommune vil gje følgjane konkrete innspel til investeringar for nye gang og sykkelvegar: 1. Fv79. Gang- og sykkelveg frå ny sjukeheim og ned til FV49. 2. Fv78 gjennom Onarheim. Bygge planlagde fortau langs fylkesveg i Onarheim. 3. Fv 549 – gang og sykkelveg frå Våge til Reiso. Strekninga fell innunder prioriteringa knytt til 4 km radius frå skule, i dette tilfelle både frå Uggdal skule og frå Tysnes skule 4. Fv49. Samanhengande gangveg frå Lundehagen til Kattaland	Gang og sykkel	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg. Noko kan ev vurderast under Mindre g/s.-prosjekt

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Ullensvang kommune	Ullensvang kommune er difor svært overraska over prioriteringane Vestland fylkeskommune legg opp til i handlings- og investeringsprogrammet. I vår uttale frå september 2021 peikte me på ei rekkje viktige enkeltprosjekt.	Spm 4	Tatt til orientering
Ullensvang kommune	Fv. 49 Nordrepollen – Austrepollen er ein svært viktig del av fylkesvegnettet mellom Jondal og Odda. Ullensvang kommune er sjokkert over at fylkes-kommunen vil utsette prosjektet. Vegen er i dag fylkesveg, og vil etter alle monn vere det i ei rekkje år framover. Det er òg ein av dei dårlegaste vegane fylkeskommunen har ansvar for, med stor fare for liv og helse og stadig aukande trafikk. Me forventer at prosjektet vert høgt prioritert og ikkje stoppar opp.	Skredsikring	Reguleringsplan for tiltaket er under oppstart. Tiltaket må vurderast ut i frå KVVU E134-Bergen
Ullensvang kommune	Auka ferjefrekvens til “halvtimes” ferjer er avgjerande. I dag er ferjesambanda våre “timesferjer.” Dette svekkar konkurranseevnen. Jondal-Tørvikbygd har auka trafikken jamnt sjølv om vegtilhøva er dårlege kring og ferjene går for sjelden. Nattferje må også vera på plass på dette sambandet i framtida.	Kollektiv	Tatt til orientering. Planlegging og utvikling av rutetilbodet skjer gjennom egne prosessar, og inngår såleis ikkje i RTP
Ullensvang kommune	Fv 49, Egne Hjem mellom Odda sentrum og Eitrheim.	Gang og sykkel	Prosjektet er omtala under gang- og sykkelprosjekt
Ullensvang kommune	Fv.49 Jondal-Sætveithagen	Gang og sykkel	Prosjektet er ikkje føreslått prioritert. Fv 49 er ein av dei føreslåtte strekningane for strekningsvise prosjekt
Ullensvang kommune	Fv.49 Tokagjelet	Skredsikring	Tiltaket er føreslått i fylkesdirektøren sitt framlegg. Finansiering må avklarast
Ullensvang kommune	Ullensvang kommune er for øvrig positiv til at ein legg opp til utbetring av og Fv. 500 Årsnes-Folgefonntunnelen.	Fylkesveg/skred	Tatt til orientering
Ullensvang kommune	Ullensvang kommune er den kommunen i Norge med flest vegstrek med alvorleg rasproblematikk, jf skred-databasen til Statens vegvesen. Det vil sei flest skredpunkt på vegnettet i kommunen med høg, eller middels høg skredfaktor. Som Norgesmester i ras krever vi no at raskommunane sine rettferdige krav om rassikre vegar vert sikra gjennom ei fylkeskommunal målsetting i komande RTP	Skredsikring	Mange raspunkt i Ullensvang ligg på riksveg. Det er stort behov for meir skredsikringsmidlar både på riks- og fylkesveg
Ullensvang kommune	KVVU for Arm til Bergen: Vi syner til aller siste tiltaket i handlingsprogrammet til RTP – «KVVU Bergensområdet-E134» Dette er svært viktig for Ullensvang kommune å avklare. Tiltaket er sterkt prioritert av industrien, næringslivet og lastebilbransjen. Vi ber difor Vestland fylkeskommune gå aktivt inn i dette KVVU-arbeidet, og organisere det som eit eige kontaktutval.	Nasjonalt	Tatt til orientering
Ullensvang kommune	Om me skal få opp andelen brukarar på kollektivtransport, må tilbodet vera attraktivt og betre tilgjengeleg. Slik tilbodet er lagt opp til i byane, er det busskur på haldeplassane og informasjon om kor lang tid det er før bussen kjem. Dette er noko som er heilt fraverande her hjå oss.	Kollektiv	Det er avsett noko midlar til busshaldeplassar. Målsetjinga er å få sanntidsløysing i app, og ikkje på skilt i heile fylket

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Ullensvang kommune	Fv.49 Eitrheim-Odda, vegutviding/tunnel - sterk trafikkauke gjennom bustadområde, skuleveg og rasfare.	Fylkesveg	Del av strekningsvise prosjekt. Rådd til å avvente KVV E134-Bergen for vidare tiltak på strekninga. Ein del av strekninga, Egne hjem, er prioritert under gang og sykkelprosjekt
Vaksdal kommune	Høgabergtunnelen i Vaksdal kommune (Fv 569) har og ÅDT på 400. Vaksdal kommune ber om at Høgabergtunnelen vert prioritert inn på denne lista (tunnellista).I lag med Skuggeberg-tunnelen er Høgabergtunnelen dei største barrierane for utvikling av indre strøk av Vaksdal kommune. Tunnelane er smale og låge.	Tunell	Ikkje føreslått prioritert
Vaksdal kommune	Fylkesveg 569 treng opprusting. Den er smal med få møteplassar.	Fylkesveg	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg, Mindre tiltak kan ev bli vurdert i årlege budsjett
Vaksdal kommune	Fv 569: Vegen er rasutsett. Tidlegare kartlegging frå Statenes Vegvesen viste 16 rasområde; 2 med frekvens 10 pr år, 3 med frekvdnes 2-3 pr år, og 8 med frekvens årleg.	Skred	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg. Fylkesdirektøren rår til å vurdere skredprosjekt når nye skredlister ligg føre frå SVV
Vaksdal kommune	Vaksdal kommune gjer merksam på at Kaldestadsundet bru på fylkesveg 5406 i Vaksdal kommune vart bygd på midten av 1980-talet. Kommunen vil oppmode vegeigar å få kartlagt tilstanden til brua.	Bru	Jamleg kartlegging av tilstanden på bruene
Vaksdal kommune	Fylkesveg 5400 er ein viktig fylkesveg i vår kommune. Den er og viktig som omkøyringsveg ved uønskte hendingar på E16 mellom Dale og Voss. Vaksdal kommune ber om at vegen vert prioritert i høve vegkropp/dekke og i høve rassikring.	Fylkesveg	Tiltaket er ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg, Mindre tiltak kan ev bli vurdert i årlege budsjett. Fylkesdirektøren rår til å vurdere skredprosjekt når nye skredlister ligg føre
Vaksdal kommune	Bussterminal på Dale: Vaksdal kommune legg til grunn at terminalen er prioritert og finansiert av VFK i 2022/23 slik at terminalen vert realisert i denne perioden.	Kollektiv	Det er lagt inn midlar i budsjettet til terminalen
Vik kommune	Skredsikringa av fv. 5600 Vik – Arnafjorden står no heilt sentralt blant fylkeskommunale samferdsletiltak i Vik.	Skredsikring	Fylkesdirektøren føreslår å starte opp forprosjekt på strekninga
Vik kommune	På strekninga Vange bru til Flatbygd skule manglar det gang- og sykkelveg langs Fv 5601. Etablering av gang og sykkelveg vil gje ein trygg skuleveg frå Tenold og eit kontinuerleg gang- og sykkelvegnett frå Tenold til Vik sentrum og Vik aktivitetspark.	Gang og sykkel	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Vik kommune	Langs riksveg 13 manglar det gang- og sykkelveg frå Voll til Plassen for å sikre borna på Voll ein trygg skuleveg til Flatbygd skule. Strekinga er ein kort, men uoversikteleg sving på Rv 13.	Nasjonalt	Riksvegprosjekt
Voss herad	Voss herad vurderer at dette er dei viktigaste investeringsprosjekta på fylkesvegar i Voss herad (i prioritert rekkefølge):		
Voss herad	1. FV79 Granvin-Steinstø, Strekningsvis utbetring av regional hovudveg	Fylkesveg	Vert gjennomført tiltak, føreslått auke i løyvingane som del av strekningsvise prosjekt
Voss herad	2. FV 5402 Ringheimsvegen, GS- tilbod	Gang og sykkel	Prioritert, krev samfinansiering

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Voss herad	3. FV 5402 Bavallsvegen, vegutbetring og GS-tilbod	Gang og sykkel, fylkesveg	Prioritert, krev samfinansiering
Voss herad	4. FV 5393 Bordalsvegen, GS-tilbod	Gang og sykkel	Føreslått prioritert
Voss herad	Prosjekt som ikkje er med i programmet i følge kartet på fylkeskart.no/rtp, men som Voss herad meiner burde vore prioritert høgt: FV5402 Bavallsvegen, nedre parsell frå EV 16, ny vegtrasè med GS-tilbod. Inngår i prosjekt 3 i lista over.	Gang og sykkel, fylkesveg	Omtalt, krev samfinansiering
Voss herad	Voss herad meiner det i utgangspunktet bør prioriterast å gje løyvingar til gang- og sykkeltiltak på strekningar som ikkje har tilfredsstillande tilbod til mjuke trafikantar i dag, tiltak som hever trafikktryggleiken, samt utbetrar flaskehalsar i vegnettet som hindrar framkome for næringslivet (næringstransport, anleggstransport, tømmertransport, busstransport). Spesielt viktig vert å utbetra «flaskehalsar» som tvingar spesielt tungtrafikken over på kommunale bustadgater for i det heile teke koma fram. Oppgradering av slike flaskehalsar vert då også å sjå som trafikksikringstiltak.	Spm 1	Teke til orientering. Tiltak for tømmertransport må vurderast gjennom Mindre tiltak
Voss herad	Tiltak 2,3 og 4 i prioriteringa vår over, fell inn under denne kategorien Flaskehalsar/mindre utbetringar på fylkesvegnettet slik at vegane kan skrivast opp til vegklasse BK10 - 50 tonn 19,5 m, vil vera spesielt viktig tiltak for å betra lønsemda i skogbruksnæringa. Det vil truleg vera mogleg å henta skogsvegmidlar til utbetring for skogbruket. Følgjande strekningar bør få minstekrav vegklasse BK-10-50 tonn-19,5: fv 5386Urdland-Eggjareid, Fv. 5394 Nesthus – Bulken, Fv. 5404 Haugsvik-Osabrui, Fv.5392 Væle/Gjelland-Rong, Fv. 5384 Opeland-Fenne (sagbruk)	Tømmertransport	Tiltak for tømmertransport må vurderast gjennom Mindre tiltak
Voss herad	Voss herad er positive til at det vert gjeve eigne løyvingar til rekkverk, vegljøs og mogelegheit til spleiselag for mindre prosjekt. I tillegg bør oppgradering av busstopp for skuleborn (ljøs, venteareal) også kunne omfattast av ei slik ordning. FV 79 mellom Steinstø og Granvin ligg inne med strekningsvis utbetring i økonomiplanen. . FV 79 er ein viktig omkøyringsveg ved vegstenging av EV16 mellom Voss og Bergen. Voss herad meiner det er svært positivt at det skal prioriterast gang og sykkeltiltak også utanom områda omfatta av Miljøløftet. Voss herad er ikkje omfatta av Miljøløft eller byvekstavtale, men har likevel ei målsetting om at fleire skal gå og sykla, og at auken i persontrafikkveksten i størst mogleg grad skjer innanfor kollektivtransport, sykkel og gange.	Spm 2	Strekningsvis utbetring av fv 57 pågår
Voss herad	Voss herad ynskjer å bidra til å få realisert nedre del av Bavallsvegen gjennom føreseielege spleiselag. Det er knytt rekkjefølgjekrav til realisering av øvre del av Bavallsvegen (parsell 3), og utbyggjar er innstilt på å bidra der.	Spm 3	Føreslått prioritert i framlegget, krev samfinansiering
Vik kommune	Skredsikringa av fv. 5600 Vik – Arnafjorden står no heilt sentralt blant fylkeskommunale samferdsletiltak i Vik.	Skredsikring	Føreslått prioritert
Vik kommune	På strekninga Vange bru til Flatbygdi skule manglar det gang- og sykkelveg langs Fv 5601. Etablering av gang og sykkelveg vil gje ein trygg skuleveg frå Tenold og eit kontinuerleg gang- og sykkelvegnett frå Tenold til Vik sentrum og Vik aktivitetspark.	Gang og sykkel	Ikkje prioritert i utkastet

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Vik kommune	Langs riksveg 13 manglar det gang- og sykkelveg frå Voll til Plassen for å sikre borna på Voll ein trygg skuleveg til Flatbygdi skule. Strekinga er ein kort, men uoversikteleg sving på Rv 13.	Nasjonalt	Tiltak på riksveg, ikkje aktuelt for HP RTP Investeringar
Øygarden kommune	Trengereid – Hammersland – Eide (Vorland), første periode 2023 – 2026. Kommunestyret vil spesielt peike på strekinga Tellnes – Skogsskiftet, gjennom Dala. Ref Detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 555 Kolltveit - Sund grense / Detaljreguleringsplan for Fv 555, parsell frå Fjell grense – Vorland Trafikksikring Vorland - Forland	Fylkesveg	Hammersland-Eide er foreslått prioritert
Øygarden kommune	Vestsiddevegen, andre periode 2027 – 2033 Kommunestyret ber Vestland fylkeskommune så snart som råd starte eit forprosjekt for heile Vestsiddevegen, og signaliserer at kommunen ønskjer eit tett samarbeid. Det bør her også vurderast om eventuelle punkt-utbedringar kan brukast som eit alternativ for å sikre tidlegare løysingar for dei vanskelegaste punkta.	Fylkesveg	Foreslått prioritert
Øygarden kommune	Kolltveit – Ågotnes bør flyttast til første periode	Fylkesveg	Det er foreslått eigen dialog om dette prosjektet
Øygarden kommune	Ny trase forbi Dale bru Fv 561 – Blom – Naturgassparken (Energiparken) er eit viktig prosjekt for å støtte opp om utviklinga av ytterlegare «grøne» arbeidsplassar.	Fylkesveg	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg
Øygarden kommune	I uttale til Regional transportplan frå Øygarden kommune, vart fylkesveg 5240 Arefjordsvegen meldt inn.		Vurderast i Miljøloftet
Øygarden kommune	Fergeavløysingsmidlar for prosjektet Klokkarvik – Hjeltestad	Ferjeavl/bru	Det er lagt opp til eit eiga utviklingstiltak knytt til ferjeavløysingsmidlar. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til dette.
Øygarden kommune	Desse mindre prosjekta ønskjer Kommunestyret å spele inn som aktuelle samarbeidsprosjekt: · Kausland – Glesnes. Etablering av trygg skuleveg til Spildepollen skule · Bjorøyvegen – punktutbetring og fortau forbi skulen · Klokkarvik – gjeld mindre stekning i Klokkarvik sentrum · Døsjo – Li – punkt-utbetring	Spm 3	Tatt til orientering
Øygarden kommune	Øygarden Kommunestyre ber om at det i samband med framtidige anbod på mobilitetsløysningar, i langt sterkare grad vert lagt vekt på nye teknologiske løysningar. Dette gjeld også samordning av kommunal / lokal - og fylkeskommunal transport.	Kollektiv	Tatt til orientering.
Øygarden kommune	Kommunestyret meiner at trafikksikring og trygg og sikker skuleveg inkludert gang- og sykkelve er eit av dei viktigaste grepa i arbeidet med Regional Transportplan 2022 – 2033.	Spm 1	Tatt til orientering
Årdal kommune	Årdal kommune ber om at det i samband med utbetring av tunellane Steiggje-, Finnsås- og Kolnostunellane vert prioritert og sett av midlar til strossing.	Tunell	Det er eigen prosess om dette
Årdal kommune	Utbetra standarden på den fylkeskommunale delen av FV5632 Fardalsvegen	Fylkesveg	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg. Mindre tiltak kan ev vurderast i budsjett- og økonomiplan
Årdal kommune	Tilrettelegging for gang og sykkelveg på FV5631 frå skulehuset - Hjellev.	Gang og sykkel	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg

	Innspel	Type prosjekt	Fylkesdirektøren sine kommentarar
Årdal kommune	Tryggingstiltak og tilrettelegging ved den trafikkerte skulevegen Fv5631. Det er eit behov for ny bru i Ålmennhagen for å gjere skulevegen trygg for gåande og syklende.	Bru	Ikkje prioritert i fylkesdirektøren sitt framlegg

Andre innspel (Ikkje kommentert)

Høyringsinnslep frå kommunar	Innspel	Type prosjekt
Arbeidsgruppa for Raundalsvegen Fv 5386	I innspelsutkastet kan ein ikkje sjå at denne vegen er nemnd særskilt, noko som hadde vore tryggande for at vegen kunne få heilt nødvendig opprusting. Vonar likevel at denne vegen kan få ein del strekningsvise oppgraderingar likevel. Ser at det er sett av ein sum på om lag 252 mill. til mindre utbetringar og diverse tiltak. Her bør det kunna prioriterast midlar til Raundalsvegen	Fylkesveg
Bergen Marine Eiendom AS, Grimstad Eiendomsselskap AS, Kjapp Marina AS, Dolviken Brygge AS, Søreide Eiendomsutvikling AS, Søreide Båt og Fritidspark AS	Ber om at VLFK prioriterer Grimstadvegen som et prosjekt som kan realiseres som et spleiselag med oss, sammen med andre utbyggere, samt øvrige etater som har ansvar og økonomisk interesse i at første fase kan utbygges snarest mulig.	Fylkesveg
Bergen Næringsråd	I samband med høyringa av handlingsprogram vil vi legge vekt på desse hovudpunkta:	Generelt
Bergen Næringsråd	Samferdsle og mobilitet som grunnlag for jobbskaping og verdiskaping står ikkje frem som eit vesentleg grunnlag for prioriteringar i dette dokumentet. Samferdsletiltak må og prioriterast med bakgrunn i ringverknader, ikkje berre som isolerte einskildtiltak for avgrensa brukargrupper.	Generelt
Bergen Næringsråd	Handlingsprogrammet syner at råma til formålet er for små	Generelt
Bergen Næringsråd	Kostnadsutviklinga er høgare enn utviklinga i rammetilskota	Generelt
Bergen Næringsråd	Økonomisk handlingsprogram følger opp prioriteringar i RTP og Handlingsprogram innan dei rammer fylkeskommunen har.	Generelt
Bergen Næringsråd	Det er tvilsamt om framstillinga gir eit godt og pedagogisk tilgjengeleg bilete av samla prioritering. Det går ikkje fram av tabellar til dømes kor mykje av prosjekta som er bundne eller har bunden finansiering, og om prosjekta er starta opp eller ikkje. Vi har forståing for at ein ønskjer å syne kva som er vegformål og kva som er kollektiv, og i tillegg Miljøløftet. Men slik skiljet står frem her, er det vanskeleg å få tak i samla hovudprioritering.	Generelt
Bergen Næringsråd	I 5.5. er omgrepet «behov» nytta på ein slik måte at det er forvirring om dette er eit behov eller berre ei framskriving av eit behov som ikkje er dekkja.	Generelt
Bergen Næringsråd	I pkt 5.6 bør det verte klårare kva som ligg i omgrepet «aktuell for oppstart». Dette er slik vi forstår det, ei bruttoliste, med andre ord ei liste med prosjekt som kan verte aktuelle.	Generelt
Bergen Næringsråd	Det er grunn til uro for ein kostnadsauke i sektoren som går ut over veksten i dei frie inntektene til fylkeskommunane. Over tid vil dette redusere evna til å investere i og drifte infrastruktur. Dette skjer og frå eit nivå som er for lågt til å ta vare på eksisterande infrastruktur og tette vedlikehaldsgapet.	Generelt
Bergen Næringsråd	Samla sett har vi ikkje store merknader til dei investeringane som er synt i handlingsprogrammet, dei er i tråd med føresetnadene.	Spm 1

Høyringsinnslep frå kommunar	Innspel	Type prosjekt
Botnane og Årebrot grendalag	Vi syner til vårt innspel til Regional transportplan Vestland 2022 – 2033 i fjor haust, der vi var urolege for om fylkesvegvar i klasse C,D og E i det heile kjem til å verte prioriterte.	Fylkesveg
Botnane og Årebrot grendalag	Vi er usikre på kva kategori Frøysjøvegen kjem i med dei nye reglane for inndeling av vegnettet i Noreg. Men vi går utifrå at det vert rekna som ein lokal veg, i kategori C, D eller E.	Fylkesveg
Botnane og Årebrot grendalag	Vi er i mot utviklingstiltaket «Omklassifisering av delar av fylkesvegnettet». Føremålet er tydeleg at fleire av dei lokale vegane (klass C, D og E) skal verte kommunale vegar.	Fylkesveg
Botnane og Årebrot grendalag	I strategiane pkt 4.1.4 vert det lagt opp til at ÅDT (årsdøgntrafikk) skal vere eit tilleggsmoment ved prioritering av utbetring av skredpunkt. Det er behovet for å utbetre/vedlikehalde/skredsikre som må vere grunnlaget for prioriteringane.	Fylkesveg
Firda settefisk Arnafjord AS	Vi ønsker å understreke viktigheten av å snarlig få på plass en fungerende rassikring langs veistrekningen – for både næringslivet og lokalsamfunnet i Arnafjord.	Skredsikring
Firda settefisk Arnafjord AS	Vi er engstelig for hva som kan skje dersom en avventer med å gjennomføre mulige rassikringstiltak til perioden 2027-2033.	Skredsikring
Florø hamn KF	Fugleskjærkaia, 3. ferjebu (kairelatert)	Kai
Florø hamn KF	FV 445 Lindheimsvegen Florø. Prosjektet vil binde saman RV og FV nettet i Florø by på ein føremålstenlege måte.	Fylkesveg
Foreldregruppa og næringslivsgruppa i Oldedalen	Prioritet 1: 1100 m fjelltunell forbi Heimefonna, Sandvika og Bukkeskora.	Skredsikring
Foreldregruppa og næringslivsgruppa i Oldedalen	Prioritet 2: 280 m fjelltunell forbi Fossvega	Skredsikring
Foreldregruppa og næringslivsgruppa i Oldedalen	Strakstiltak: Lysvarsling som midlertidig strakstiltak for Fossvega	Skredsikring
Foreldregruppa og næringslivsgruppa i Oldedalen	Bygging av le- og ledevollar forbi; Kroka, Breidskred, Aksnesa og Sandnesfonna	Skredsikring
Foreldregruppa og næringslivsgruppa i Oldedalen	Opprustning ca 7 km av vegen til Briksdalsbreen	Fylkesveg
HAFS regionråd (Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Gulen og Solund kommunar)	Vi vil støtte prinsippa som fylkestinget vedtok i samband med handsaminga av det økonomiske handlingsprogrammet 2022 – 2033 i desember 2021. RTP viser at det er behov for større rammeløyvingar til dei ulike postane	Generelt
HAFS regionråd	Vi meiner det er viktig at ein tek omsyn til næringsvegvar, reiselivet sine behov og trygg skuleveg når ein ser på spleiselag og strekningsvise utbetringar. Kommunar og næringsliv har ulike føresetnader for å kunne bidra til eit økonomisk spleiselag.	Fylkesveg
HAFS regionråd	I samband med nasjonal transportplan (NTP) si utbygging av E39 Hafstadtunnelen og rassikring av Rv 5 bør ein planlegge for tiltak på tilgrensande fylkesvegnett for å få ei samfunnsøkonomisk utnytting av overskotsmassar. S	Fylkesveg
HAFS regionråd	Det er trong for ei tredobling på ramma til rassikring for å få gjennomført prosjekt med høg og middels skredfaktor.	Nasjonalt/ skred
HAFS regionråd	Det er også avgjerande at Vestland fylkeskommune som utgangspunkt brukar nasjonal rassikringsfaktor i sine prioriteringar. Vi har tidlegare vore uroa for at fylkeskommunen ville vekta årsdøgntrafikk langt sterkare i RTP enn ein gjer nasjonalt. Samstundes har vi peika på at lang omkøyingsveg og stengd veg grunna ras eller fare for ras, synest å ha blitt vekta lågare.	Skredsikring
HAFS regionråd	HAFS ønskjer at Vestland fylkeskommune skal vere ein aktiv pådrivar for realisering av ferjeavløysingsprosjekt	Nasjonalt

Høyringsinnslep frå kommunar	Innspel	Type prosjekt
HAFS regionråd	Vi ønskjer å halde fast ved tidlegare fylkeskommunal prioritering av slike prosjekt der Ytre Steinsund no er i gjennomføringsfasen og Atløysambandet står for tur	Fylkesveg
HAFS regionråd	Fylket sine plan om å lage ein strekningsvis plan for ein del av vegnettet i funksjonsklasse B, er fornuftig.	Fylkesveg
HAFS regionråd	Vi meiner likevel at også einskilde tilførselsveggar til E39 må kunne omfattast av planen sjølv om dei er klassifiserte i funksjonsklasse C	Fylkesveg
HAFS regionråd	Det gjeld opprusting av parsellen Dale-Storehaug på Fv 57 som må behalde sin prioritet blant store prosjekt. Strekninga Dale-Osen bør vurderast som eit konkret samarbeidsprosjekt basert på spleiselag	Fylkesveg
HAFS regionråd	Fylkesveg 57 (Sløvåg – Storehaug) ligg inne i handlingsprogrammet med behov for planleggingsmidlar på strekninga Sløvåg – Dale	Fylkesveg
HAFS regionråd	Vi forventar at rassikring av fylkesveg 609 med tunell forbi Hundsåna beheld sin plass i prioriteringslista og dermed blir det neste rassikringsprosjektet	Skredsikring
Hardangerrådet	Det viktigaste er sikre og opne vegar. Til sjukehus, skule og arbeid. Alle må sikrast ein akseptabel standard før ein gjer det endå betre der det frå før er best.	Fylkesveg
Hardangerrådet	Det må kunne vera møteplassar slik at turisttilstrøyming eller omkøyning p.g.a stengd E16 ikkje fører til total stillstand og kork. Trafikkork og rasfare er ein dårleg kombinasjon	Fylkesveg/ Nasjonalt
Hardangerrådet	Fv 49 frå Samnanger til Norheimsund gjennom Tokagjelet og vidare innover fjorden er særst viktig	Skredsikring
Hardangerrådet	Fv 49 mellom Folgefonntunnelen og Jondaltunnelen: Hardangerrådet krev at planarbeidet for utbetring/sikring held fram og at fylkeskommunen ikkje utset dette prosjektet. Vegen er i dag fylkesveg, og vil mest truleg vera det i ei rekkje år framover.	Skredsikring
Hardangerrådet	Betydeleg vedlikehaldsetterslep. Smale vegar der trafikken korkar seg ved stor sesongtrafikk	Fylkesveg
Hardangerrådet	Stor rasfare på alle regionale hovudveggar (klasse B) 48, 49 og 79.	Skredsikring
Hardangerrådet	Stor rasfare også på dei fleste lokale hovudveggar og lokale samleveggar. Dette gjeld alle kommunane i Hardanger.	Skredsikring
Hjelle Krins Utviklingslag	Støttar utbetring og skredsikring av vegstrekninga Fv 5744 Fossebakken-Navelsaker	Skredsikring
Kystvegen Måløy – Florø AS	Kystvegen Måløy – Florø AS går inn for ei etappevis utbygging av kystvegen. Dei to høgast prioriterte etappene er:	Fylkesveg
Kystvegen Måløy – Florø AS	Ny fv. 614 Svelgen - Indrehus	Fylkesveg
Kystvegen Måløy – Florø AS	Kryssing av Ytre Nordfjord: går inn for at det skal byggast bru frå Tongane til Biskjelneset. Dessutan må det opparbeidast tilførsleveggar frå Hamnen til Tongane i Bremanger kommune og frå Biskjelneset til Almenningsfjellet i Kinn kommune.	Fylkesveg/bru
Kystvegen Ålesund-Bergen, på vegner av 102 verksemder i Kinn og Bremanger kommunar	Ber om at kystvegen frå Måløy, via Svelgen, til Florø, vert realisert; og at ein no kjem i gang med realiseringa av første prosjekt som er fv 614 Svelgen-Indrehus	Fylkesveg
Kystvegen Ålesund-Bergen, på vegner av 102 verksemder i Kinn og Bremanger kommunar	I tillegg må ein starte arbeidet med planlegginga av ferjeavløysingsprosjektet mellom Tongane og Biskjelsneset i ytre Nordfjord	Fylkesveg/bru
Masfjorden Arbeidarparti	Ber om at bruprojektet «Masfjordsambandet» blir tatt inn som nye veganlegg	Fylkesveg
Masfjorden Arbeidarparti	Bompengefinansieringa av «Masfjordsambandet» er ikkje tatt inn som mogleg framtidig bompengeprojekt	Fylkesveg
Masfjorden Arbeidarparti	Vi ser svært positivt på at utbetring av Risnes bru er komen med i 1. investeringsperiode	Bru

Høyringsinnslep frå kommunar	Innspel	Type prosjekt
Masfjorden Høgre	Forventar at vedtak frå Hordaland fylkesting i 2017 vert tatt med i nytt handlingsprogram og investeringsprogram for 2022-2033 på same måte som frå Sogn og Fjordane fylkesting. Ein viser til vedtak om hhv bompengefinansiering av Masfjordbrua og ferjeavløysing for Fv 570 Duesundøy-Masfjordnes	Fylkesveg
Masfjorden Krf	Ber om at bru prosjektet «Masfjordsambandet» blir tatt inn som nye veganlegg	Fylkesveg
Masfjorden Krf	Bompengefinansieringa av «Masfjordsambandet» er ikkje tatt inn som mogleg framtidig bompengeprojekt	Fylkesveg
Masfjorden Krf	Vi ser svært positivt på at utbetring av Risnes bru er komen med i 1. investeringsperiode	Fylkesveg
Midtvegen 615 AS	Gang og sykkelveg på Fylkesveg 615 Sandane - Fitje	Gang og sykkel
Midtvegen 615 AS	Skredsikring av Hopsstranda	Skredsikring
Midtvegen 615 AS	Standardheving av vegen mellom Hyen og Storebru	Fylkesveg
Mowi ASA region Sør	Mowi region Sør støtter derfor innspill fra Varaldsøy bygdelag , hvor det fremmes ønsker om å flytte ferjekai til Skjelnesodden.	Kai
Måløy vekst	Kystvegen Måløy-Florø er eit heilt avgjerande prosjekt: I tillegg til at Svelgen-Indrehus må prioriterast i investeringsprogrammet, er det viktig at fylkeskommunen startar arbeidet med å utgreie løysing og finansiering av fjordkryssinga mellom Biskjelsneset og Tongane, samt tilførselsvegar. Dette er eit prosjekt som er tenkt finansiert med bruk av ferjeavløysingsmidlar og bompengar, men vi saknar framdrift i prosjektet både frå det etablerte bompengeselskapet 45-minuttsregionen og fylkeskommunen.	fylkesveg
Måløy vekst	Effektive båtruter med rutetider, prisar, og fart som gjer det funksjonelt og effektivt å nytte båten til pendling. Fart på fartøy, rutetider og prisar må difor tilpassast behovet for effektive og attraktive pendlarruter, spesielt mellom Måløy, Bremanger, Florø og Selje, som trafikkerast av Nordfjordekspressen og Kystvegekspressen.	Kollektiv
Måløy vekst	Fylkesveg 617 Kapellneset-Raudeberg	Fylkesveg
Måløy vekst	Fylkesveg 5715 Måløy-Vågsvåg	Fylkesveg
NAF Avd. Fjordane og Ytre Sogn	For NAF vil trafikktryggleik alltid kome først.	Spm 1
NAF Avd. Fjordane og Ytre Sogn	Det er mange døme på dårlege skulevegar, men vi vil trekke fram fv 57 og tilkomsten til Bygstad, der skulevegen er så dårleg at borna må ha ekstra skuleskyss.	Trafikksikring
NAF Avd. Fjordane og Ytre Sogn	fv 609 forbi "Hundsåna"	Skredsikring
NAF Avd. Fjordane og Ytre Sogn	Vi meiner den avsette potten til strekningsvise utbetringar er for låg, og at denne bør aukast til minst 500 mill. kr årleg. Regionale hovudvegar i funksjonsklasse B er av særleg betydning for dei regionale bu- og arbeidsområda, og må ha prioritet.	Spm 2
NAF Avd. Fjordane og Ytre Sogn	Eit særskilt døme er fv 57 Dale – Storehaug	Fylkesveg
NAF Avd. Fjordane og Ytre Sogn	Fv 57 forbi Saltkjelen er eit særleg vanskeleg og smalt parti	Fylkesveg
NAF Avd. Fjordane og Ytre Sogn	Fv 614 Svelgen – Indrehus	Fylkesveg
NAF Avd. Fjordane og Ytre Sogn	Vi meiner at der det kan vere aktuelt med spleiselag for finansiering må det vere tilstrekkeleg høg ÅDT. Ein må og sjå på fejeavløysingsprosjekt der det er mogeleg å få ferjeavløysingsmidlar	Spm 3
NAF Avd. Fjordane og Ytre Sogn	Vi meiner det er mange og gode prioriteringar i investerings-programmet, men vil særleg trekke fram dei punkta vi har nemnt over.	Spm 4
NAF avd Bergen og omegn	Behovet for og nødvendigheten av å prioritere veivedlikehold er prekær: viser viktigheten av å få på plass stortingets vedtatte belønningsordning for vedlikehold av fylkesveier.	Nasjonalt/ fylkesveg

Høyringsinnslep frå kommunar	Innspel	Type prosjekt
NAF avd Bergen og omegn	Likebehandlingsprinsippet for fylkesfergene må innføres i RTP, slik at like PBE tall gir likt tilbud	Kollektiv
NAF avd Bergen og omegn	Det er svært viktig at fergetilbudet i kommuner som ikke har omkjøringsmuligheter får et rutetilbud som er i tråd med transportbehovet for innbyggerne og næringslivet.	Kollektiv
NAF avd Bergen og omegn	Fergesambandene Hufthamar – Krokeide og Husavik - Sandvikvåg må begge blir utvidet med minst en ny rundtur på kveld/natt slik at Austevoll kan være «landfast» på nattestid, senest fra 01.01.2023	Kollektiv
Nordfjorderådet	Vår høgste prioritet til mjuke trafikantar er gang og sykkelveg langs Fv. 615 Sandane- Fitje.	Gang og sykkel
Nordfjorderådet	Nordfjorderådet meiner at ein må halde på prioriteringa av Fv. 614 Svelgen-Indrehus når det gjeld store vegprosjekt.	Fylkesveg
Nordfjorderådet	Nordfjorderådet meiner det er viktig med ei opprusting av dei viktige næringsvegane av fylkesvegnettet. Fylkeskommunen må utfordre staten til å få til eit felles løft for å få gjennom eit opprustningsløft av vegar med høg næringstrafikk.	Nasjonalt
Nordfjorderådet	Nordfjorderådet vil løfte fram eit prosjekt knytt til eit framtidssretta og tilrettelegging for meir næringsverksemd fv. 617 Raudeberg-Kapellneset	Fylkesveg
Nordfjorderådet	Nordfjorderådet si høgste prioritering på strekningsvise utbetringar er fv 620 Kjøde-Sandvik.	Fylkesveg
Nordfjorderådet	Viktig å prioritere Oldedalen med fjelltunnel Heimefonna/ Bukkeskora/Sandvika på Fv. 5724 og strekningsvis utbetring	Skredsikring
Nordfjorderådet	Vi etterlyser synleggjering av hurtigbåttilbod frå Bergen til Ålesund. Denne burde vere ein del av RTP for 2022-2033. Behovet for ombygging, utbetring og utviding av hurtigbåttkaier er eit viktig for å utvikle eit berekraftig kollektivtilbodet på kysten.	Kollektiv
Nordfjorderådet	Nordfjorderådet ynskjer å samarbeide med Vestland fylke om ein samla strategi om framtidens grønne transport utan klimautslepp i Nordfjord. Ein må utarbeide eit «stamrutenett» på veg, sjø og luft mellom tettstadar og mellom regionane	Klima/ kollektiv
Oldedalen utviklingslag	Vi reagerer på at vektning av delfaktorane i kunnskapsgrunnlaget er endra i prioriteringslista til «Prosjektgruppa si tilråding av rangering av sikringstiltak etter risikovurdering», samanlikna med «Behovsliste Vestland, Statens vegvesen 2019» I den nye tilrådinga får årssdøgntrafikk meir vekt. Dette fører til at vegar med låg ÅDT vert nedprioritert.	Skredsikring
Rosendal Utvikling	Meiner at vegen frå Kvinnherad til Bergen må forbetrast. Spesielt Mundheimsdalen, og strekninga Kilen-Holdhus.	Fylkesveg
Simona Stadpipe AS	Ber om endring av planperiode (til 2022-2026) for fylkesveg 620 Sandvik-Kjøde i Stad kommune, Nordfjord.	Fylkesveg
Sogn og Fjordane næringsråd	Tunnel Hemsedalsfjellet. (Rv 52 Bjøberg – Borlaug)	Nasjonalt
Sogn og Fjordane næringsråd	Ferjefri E39 1. Storehaug - Førde OPPSTART I FØRSTE PLANPERIODE OG FULLFINANSIERT 2. Byrkjelo – Svarstad. Tunnel Utvikfjellet og bru i indre Nordfjord 3. Vadheim – Sunnfjord grense.	Nasjonalt
Sogn og Fjordane næringsråd	Rv 15 Strynefjellet med arm til Geiranger OPPSTART I 1. PLANPERIODE OG FULLFINANSIERT. Rv 13 Vikafjellet OVERFØRT NYE VEIER	Nasjonalt

Høyringsinnslep frå kommunar	Innspel	Type prosjekt
Sogn og Fjordane næringsråd	Sogn og Fjordane Næringsråd meiner at næringslivet sitt behov for trygge, effektive og opne samband må vege tungt i prioriteringane av fylkeskommunale midlar til samferdsle og anna viktig infrastruktur knytt til dette. I fylkeskommunale plandokument og høyringsdokumenta blir det vist til mange gode målsettingar men dei må konkretiserast og prioriterast i det vidare arbeidet med handlingsprogrammet.	Spm 1
Sogn og Fjordane næringsråd	Vestland fylkeskommune må prioritere høgt samferdsletiltak som styrker næringsutvikling, vekstkraft og bu- og arbeidsområde. • Mange bedrifter ligg langs ein fylkesveg. Transport inn og ut til bedrifter. Råvare inn og ferdige produkt ut. Vegnettet er svært avgjerande for lønsemda og arbeidsplassane. • Sikker eksportveg for å kunne halde leveringstider. • Framkome for tungtransport. Samanhengande strekningar for modulvogntog. • Utbetring av flaskehalsar. Låge tunnelar og smale og svingete vegar.	Fylkesveg
Sogn og Fjordane næringsråd	Ferjeavløysingsprosjekt. Fylkeskommunen må utnytte ordninga fullt ut.	Fylkesveg
Sogn og Fjordane næringsråd	Rassikring. Nasjonalt ansvarsområde. Felles innsats for mest mogeleg rassikringsmidlar til vegnettet i Sogn og Fjordane. Arbeide for å auke den nasjonale rassikringspotten. • Handlingsplanen må synleggjere sterkare konsekvensar av rassutsett og dårleg vegstandar for næringslivet. • ÅDT kan ikkje vere viktigaste kriterium i alle samanhengar. • Rasutsett veg er også til hinder for næringsutvikling. Arbeidspendling, nøkkelpersonell som ikkje kjem seg på jobb og busetnad m.m.	Skredsikring
Sogn og Fjordane næringsråd	Mindre investeringstiltak kan løyse mange utfordringar	Fylkesveg
Sogn og Fjordane næringsråd	Svelgen-Indrehus (første del av Kystvegen Måløy-Florø)	Fylkesveg
Sogn og Fjordane næringsråd	Hyen-Storebru	Fylkesveg
Sogn og Fjordane næringsråd	Fv 5724 Oldedalen; rassikring og 7km opprustning	Skredsikring/ fylkesveg
Sogn og Fjordane næringsråd	Dei strekningsvise utgreiinga som det vert arbeidd no i Sogn og Fjordane er følgjande: • Fv.55 Sognefjellet – Vadheim • Fv.57 Knarvik - Storehaug • Fv.609 Førde – Askvoll - Dale • Fv.615 Sandane – Storebru • Kystvegen (nytt nord – sør-samband i fylket)	Fylkesveg
Sogn og Fjordane næringsråd	Dette er marginallista for prioritering av ikkje oppstarta prosjekt i Sogn og Fjordane i gjeldande RTP: Store investeringar: 1. Fv 57 Nishammaren – Storehaug m/bru over Svesundet 2. Kryssing Nordfjorden, Tongane - Biskjelsneset 3. Fv 55 Høyheimsvik – Nes 4. Fv 614 Haukå - Myklebust 5. Fv 55 Dale sentrum i Luster 6. Fv 615 Sandane – Storebru 7. Fv 13 Røyrvikfjellet (tunnel)	Fylkesveg
Sogn og Fjordane næringsråd	Sogn og Fjordane Næringsråd ber om at ein legg til rette for å vidareutvikle rutetilbodet på dei 4 flyplassane i Sogn og Fjordane og at det skal vere FOT ruter på alle rutene på alle flyplassane.	Nasjonalt
Sogn og Fjordane næringsråd	Sogn og Fjordane Næringsråd ber om at fylkeskommunen legg til rette for pilotprosjekt på EI-fly	Nasjonalt
Sogn og Fjordane næringsråd	Sogn og Fjordane Næringsråd ber om at fylkeskommunen i samarbeid med kommunane og næringslivet legg til rette for forsterka energikapasitet- og infrastruktur for å kunne nå målsettingane om meir miljøvenlege transportløyisingar.	Anna
Stad kystbygg	Framskundig ei kraftig oppgradering av vegstrekninga på FV 620 Sandvik-Kjøde.	Fylkesveg
Stad kystbygg	Industriområdet på Leikanger Stadlandet treng eit skikkelig kaianlegg.	Kommunalt

Høyringsinnslep frå kommunar	Innspel	Type prosjekt
Stadlandet bedriftsforening på vegner av 44 bedrifter	Ber om opprustning av Fv 620 Sandvik-Kjøde, til fyrste planperiode 2022-2026.	Fylkesveg
Stadlandet pensjonistlag	Stadlandet Pensjonistlag anbefaler på det sterkeste at fylkesveg 620 endres til planperiode 2022 – 2027. Selje kommune har utarbeidet en plan som delvis følger eksisterende veg. Denne planen viser også en forholdsvis dyr tunnel. Vi mener at man kan unngå å opparbeide tunnelen ved å heve vegbanen over de ekstremt vanskelige parsellene ved Stokkeneset.	Fylkesveg
Uskedalen utvikling	FV 500 Uskedal bru til svingen sør for Børnes Industriområde er ein svært farlig vegstrekning. Ber om utbetring.	Trafikksikring
Vaksdal Næringråd og Vaksdal Næringsselskap AS	Næringane stør framlegget til Vaksdal kommune om å prioritere fylkesveg 569	Fylkesveg
Vaksdal Næringråd og Vaksdal Næringsselskap AS	Foreslår å oppjustere tunellhøgder på fylkesveg 5400 Dale-Bergsdalen	Tunell
Vaksdal Næringråd og Vaksdal Næringsselskap AS	Samstundes vil me vektleggje fylkesveg 5408 frå E16-Vaksdal Mølle. Tungtransporten som må gå på vegen er gjennom bustadområde og har dessverre vist seg å vera trafikkfarleg. Her igjen vil knutepunkt-utvikling med ny trasé for jernbane og stasjon vera viktig at infra-strukturen fylgjer med, og det er Vestland fylkeskommune sitt ansvar.	Fylkesveg
Varaldsøy bygdelag	Varaldsøy bygdelag i Kvinnherad kommune har jobba for å få nytt ferjestø på Varaldsøy til sørspissen av øya (skjernesodden) i over 30 år	Spm 3/ kai
Varehuset Rosendal	Føreslår at det vert sett av midlar til utbedring av parseller på vegen mellom Kvinnherad og Bergen. Nærare bestemt ynskjer vi at strekningen Gjermundshamn til Holdus skal prioriterast i forhold til punktvis utbedring. Det er ynskjeleg at hovedfokus vert sett på Mundheimsdalen der vegen er smal og ein kan få mange meter utbeta veg for pengane.	Fylkesveg

Andre innspel (Privatpersonar)

Høyringsinnslep frå private	Innspel	Type prosjekt
Per Svindland	Gjennomføre Haukelivegen 134, samt byggje ut arm til Bergen vi Skare-Ænes-Varaldsøy-Fusa-Os	Nasjonale ansvarsområde
Kåre Wiik	Få opp akseltrykket og utvida vogntoglengde på ein god del fylkes- og kommunevegar i distrikta for effektiv tømmertransport mv.	Klassifisering fylkesveg
Øystein Torheim	Forlenging av gang- og sykkelveg med om lag 2-300 meter frå Haugen i Nordfjordeid i Stad kommune på rv. 15	Nasjonalt ansvarsområde
Terje Hoddevik	Må få på plass gatelys i Hoddevika, Stad kommune	Trafikksikring
Gunn Karin Sande	FV 620 Kjøde – Sandvik: Slik eg ser det må FV 620 i RTP flyttast opp til strekningsvise prosjekt og føreslått prioriterte i perioden 2023-2027 for å kunne nytte seg av gratis overskotsmasse fra Stad Skipstunnel	Fylkesveg
Jarle Leikanger	Ber om at Fv 620 Sandvik- Kjøde blir flytta fram i planperioden til 2022-2026.	Fylkesveg
Liv Eikemo Opdal	Det er særst viktig å få på plass to kjøyrebanar GULSTRIPA i fylket. Mange stader i Hardanger kan to store bilar ikkje møtast.	Fylkesveg

Høyringsinnslep frå private	Innspel	Type prosjekt
Margareth Olin Leivdal	Fylkesveg 620 Kjøde - Sandvik må flyttast opp på prioriteringslista over fylkesvegar som treng raskt utvikling. Ny trase og ny veg er det einaste farbare løysing for dette prosjektet. Vegen må flyttast opp til 1. planperiode for Vestland fylke.	Fylkesveg
Svein Hansen	Planlegging av fv 620 må starte straks. Byggjearbeidet må skje parallelt med bygginga av skipstunnelen.	Fylkesveg
Svein Hansen	Sidetunnel ved skipstunnelen, stor fordel både for skipstunnelen og nytt framtidiretta vegnett, innsparing av drift og vedlikehald på to fjellovergangar.	Fylkesveg
Rolf Kristian Jacobsen med mange underskrifter	Fv 620 Kjøde-Sandvik: Ber om bygging, med gratis steinmasser frå Skipstunnelen, i planperiode 2022-2027.	Fylkesveg